

Motivasjon til frivillig deltaking i Røde Kors



Bacheloroppgave utført ved

Høgskulen på Vestlandet – studiested Haugesund, Økonomisk-administrativ utdanning

Av: Eirik-Sondre Husby

Kandidatnummer: 16

Dette arbeidet er gjennomført som ledd i bachelorprogrammet i økonomi og administrasjon ved Høgskulen på Vestlandet og er godkjent som sådan. Godkjennelsen innebærer ikke at HVL inntår for metodene som er anvendt, resultatene som er fremkommet og konklusjoner og vurderinger i arbeidet.

Bacheloroppgavens tittel: "Motivasjon til frivillig deltaking i Røde Kors"

Eirik-Sondre Husby

Navn på veileder: Magnhild Dåsvand

Gradering: *Offentlig*

Forord

Denne oppgåva markerer slutten på ein treårig skulegang ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Haugesund. Dette er den avsluttande bacheloroppgåva ved studieprogrammet Økonomi og administrasjon med leiing, organisasjon og strategi (LOS) som spesialisering. Oppgåva har eit omfang på 15. studiepoeng.

Temaet for oppgåva er friviljugheit. Som aktivt medlem i Røldal Røde Kors har den siste tidas aukande turiststraum til Odda kommune fanga merksemda mi og dette var noko eg ynskte å sjå nærmare på. Dette har vore ein lang og tidkrevjande prosess. Eg hadde aldri trudd at temaet friviljugheit skulle vise seg å være så omfattande, men samstundes så interessant.

Først vil eg takke alle respondentane frå Odda, Tyssedal og Røldal Røde Kors som gav meg eit godt datagrunnlag ved å svare på undersøkinga mi. Takk til Yngve Vestrheim og Roger Lynghamar i høvesvis Odda- og Røldal Røde Kors for dykkar bidrag til oppgåva.

Ein stor takk til systema mi, Ragnhild-Synnøve, for god korrekturlesing.

Til slutt vil eg rette ei særskilt takk til Magnhild Dåsvand for god rettleiing gjennom heile våren. Takk for dine grundige gjennomgangar av oppgåva og konstruktive tilbakemeldingar.

Haugesund, mai 2017

Eirik-Sondre Husby

Abstract

There has been a great deal of research on volunteering in Norway and the voluntary sector is an important part of the Norwegian welfare society. Volunteering helps us to socialize people into a life in the Norwegian society. At the same time, it is an important function as an organizer of different interest groups. The voluntary and humanitarian organizations have a central role in implementing public policy.

In view of the increasing interest for Odda Municipality and Trolltunga, and the need for assistance related to bad weather conditions and accidents related to the trip, I wanted to find out what motivates members of the local Red Cross Act to participate as volunteers. Traditional economic theory assumes that human beings are self-centered by nature and that they will act out of what is best for us. That's why I've looked at motivational factors for volunteers to put down the effort they make - unprofitable and for the community's best.

In this assignment, I have chosen a quantitative approach in the form of a questionnaire. This survey was sent to all the active members of the three Red Cross teams in Odda Municipality; Odda, Tyssedal and Røldal Red Cross. The data that I collected in this survey has then been interpreted and analyzed against my chosen theory.

The results of the survey show that being part of a social group motivates members. Here they get the chance to build a larger social network, make new friends and grow self-confidence. In addition, the results indicate that volunteers are motivated by acquiring new experiences and knowledge through practical experience. The survey also shows that the volunteers feel strongly connected towards the Red Cross organization.

Samandrag

Det har blitt forska mykje på friviljugheit i Norge og den frivillige sektoren er ein viktig del av det norske velferdssamfunnet. Det sivile fellesskapet er med på å sosialisere oss til eit liv i det norske samfunn, samstundes som det har ein viktig funksjon som organisator for ulike interesser. I tillegg har dei frivillige organisasjonane på mange områder ei sentral rolle i implementeringa av offentleg politikk.

I lys av den stadig aukande turiststraumen til Odda Kommune og Trolltunga, og den påfølgande auka i redningsaksjonar, ynskte eg å finne ut kva som motiverer medlemmene i dei lokale Røde Kors-laga til å delta som frivillige. Tradisjonell økonomisk teori legg til grunn at menneske er sjølvcentrert av natur og at me vil handle ut i frå kva som er best for oss sjølve. Difor har eg sett på kva for nokre motivasjonsfaktorar som gjere at dei frivillige legg ned den innsatsen dei gjere - ubetalt og til fellesskapets beste.

I denne oppgåva har eg valt ei kvantitativ tilnærming i form av ei spørjeundersøking. Denne undersøkinga vart sendt ut til alle dei aktive medlemmene ved dei tre Røde Kors-laga i Odda Kommune; Odda, Tyssedal og Røldal Røde Kors. Datamaterialet som vart samla inn i denne undersøkinga har så blitt tolka og analysert opp mot min valte teori.

Resultata av undersøkinga viser at medlemmene vert motivert av det å være ein del av ei sosial gruppe. Her får dei sjansen til å byggje eit større sosialt nettverk, få nye vener og føle seg meir tydingsfulle, samstundes som sjølvtiliten deira aukar. I tillegg syner resultata at dei frivillige motiverast av å tileigne seg nye erfaringar og kunnskap gjennom praktisk erfaring. Undersøkinga viser også at dei frivillige føler stor tilhøyrslø til Røde Kors organisasjonen.

Innholdsoversyn

| | |
|--|-----------|
| 1.0 Innleiing | 1 |
| 1.1 Bakgrunn for oppgåva | 1 |
| 1.2 Problemstilling | 3 |
| 1.3 Oppgåvas oppbygging | 4 |
| 2.0 Friviljugheit | 5 |
| 2.1 Generelt om frivillig arbeid | 5 |
| 2.2 Kva kjenneteiknar dei frivillige organisasjonane? | 5 |
| 2.3 Frivillig organisering i eit historisk perspektiv | 6 |
| 2.4 Kva pregar dei frivillige organisasjonane i dag? | 7 |
| 2.5 Sivilsamfunnets rolle og funksjon | 9 |
| 2.6 Den internasjonale Røde Kors- og Røde Halvmånebevegelsen | 10 |
| 2.7 Norges Røde Kors | 10 |
| 2.8 Hjelpkorpsa i Odda Kommune | 11 |
| 2.9 Samanfatning | 12 |
| 3.0 Teoridel | 13 |
| 3.1 Motivasjon | 13 |
| 3.2 Motivasjonsteoriar | 13 |
| 3.3 Egoisme, altruisme, prinsippisme og kollektivism | 14 |
| 3.4 Sosial gruppe | 16 |
| 3.5 Sosial kapital | 19 |
| 3.6 Nettverk og ressursar | 21 |
| 3.7 Samanfatning | 22 |
| 4.0 Metode | 23 |
| 4.1 Kvantitativ og kvalitativ tilnærming | 23 |
| 4.2 Kvantitativ tilnærming; spørjeskjema | 24 |
| 4.3 Val av metode | 25 |
| 4.4 Etikk | 29 |
| 4.5 Reliabilitet | 30 |
| 4.6 Validitet | 31 |
| 4.7 Samanfatning | 31 |
| 5.0 Resultat og drøfting | 32 |
| 5.1 Utvalet | 32 |
| 5.2 Innsats i Røde Kors | 34 |
| 5.3 Rangering av eigen motivasjon for frivillig arbeid | 35 |
| 5.4 Skildring av frivillig arbeid | 40 |
| 5.5 Kvifor deltek ikkje dei frivillige meir? | 41 |
| 5.6 Einigheit i påstandar | 43 |
| 5.7 Turisteksplosjonen i Odda Kommune | 46 |
| 5.8 Oppsummering | 48 |
| 6.0 Konklusjon | 52 |
| 6.1 Vidare forskning | 53 |
| Litteraturliste | I |
| Vedlegg | IV |
| Vedlegg 1 - Spørjeundersøkinga | IV |
| Vedlegg 2 - Motivasjonsmotiva ut i frå alder | XII |
| Vedlegg 3 - Motivasjonsmotiva ut i frå kjønn | XIII |

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn for oppgåva

I følgje Kulturdepartementet er Noreg er verdsleiande på frivillig arbeid. Innsatsen til meir enn halvparten av Noregs befolkning har stor betydning for enkeltmenneska i- og for samfunnet vårt (Kulturdepartementet, u.å.).

Den frivillige organisasjonen Norges Røde Kors er ein av mange frivillige organisasjonar som spelar ei viktig samfunnsrolle i Noreg. Norges Røde Kors vart stifta i 1865 og i dag har organisasjonen rundt 133 000 medlemmer, fordelt ut over 500 lokale foreiningar (Braut, 2015). Organisasjonens formål er å drive humanitært hjelpearbeid i inn- og utland. Eit av grunnprinsippa til denne organisasjonen er at verken rase, tru eller politisk tilhørsle skal ha noko og seie for arbeidet (Kirkevold, 2014). Dei nasjonale aktivitetane er organisert under fire landsråd. Desse er barnehjelp, besøkstenesta, hjelpekorps og eit særskilt ungdomsråd. Fokuset i denne oppgåva vil rettast mot hjelpekorpsset - Norges Røde Kors Hjelpekorps.

Norges Røde Kors Hjelpekorps er Noregs største frivillige beredskapsorganisasjon. Organisasjonen har om lag 13000 aktive medlemmer som utfører hjelpearbeid ved ulykker og katastrofar. Hjelpekorpsa byggjer opp og sikrar forsvarleg beredskap gjennom utdanning av sine eigne medlemmer og spreiding av førstehjelpskunnskap i sine nærmiljø (Braut, 2015).

Politiet kallar ut hjelpekorpsa når nokon vert sakna ved ulykker, kriser og naturkatastrofar. I følgje Norges Røde Kors (u.å. a) er eit eller fleire hjelpekorps i aktivitet for å hjelpe menneske kvar dag, heile året. Korpsa sine aktivitetar er basert på lokale forhold og naudsynte behov. Mange av hjelpekorpsa er spesialiserte på ulike fagområder, til dømes vatn-, skred- eller fjellredning.

I Odda i Hardanger går alarmer for aksjon nummer 40 til den kjende turistattraksjonen Trolltunga. Politiet har motteke eit rop om hjelp frå tre asiatiske turistar. Røde Kors vert kalla ut. Dei fyrste minutta etter at alarmer har gått sender dei frivillige tilbakemelding på

om dei kan stille på aksjonen. Mange av dei skal på jobb få timar seinare og andre har nett kome heim frå jobb. Somme har vore på ein annan aksjon berre nokre timar før og for nokon er det aksjon nummer 40 til same plass denne sesongen. Likevel er det folk som stiller opp.

Aksjonane i forbindelse med Trolltunga i Odda har auka kraftig dei siste åra etter at tunga tok av som ein turistattraksjon. I følgje Norges Røde Kors besøkte 20.000 personar Trolltunga i 2013. I 2016 var dette talet oppe i 100.000 og det estimerast med 300.000 til 400.000 innan 2023. Den kraftige auken i besøkande resulterte i 42 oppdrag mot Trolltunga i 2016, i motsetnad til 23 i 2015 og 4 oppdrag i 2014 (Norges Røde Kors, u.å. b).

Hjelpemannskapa i dei ulike lokalforeiningane i distriktet opplever for tida og måtte rykke ut til alle døgnets tider og i all slags vêr. Ut i frå dette springer ein idé om å skrive ei oppgåve om dei frivillige i dei lokale Røde Kors laga i Odda Kommune (Odda, Tyssedal og Røldal). Eg har også eit personleg engasjement i saka, som medlem av Røldal Røde Kors. I tillegg brukar eg store delar av fritida mi på å drive ei stifting, der alt arbeidet er frivillig og dugnadsbasert.

Eg vil finne ut kva som ligg til grunn for at dei frivillige ynskjer å leggje ned eit høgt tal med dugnadstimar for å hjelpe andre menneske. Tradisjonell økonomisk teori legg til grunn at oss menneske er sjølvsentrert av natur, og difor handlar ut i frå kva som er best for oss sjølve, og at me baserar våre avgjerder på rasjonell maksimering av nytte. I tillegg har den kolossale individuelle velstandsveksten i Noreg ført til at me i langt større grad har råd til å betala oss ut av vanskelege og slitsame situasjonar. Med desse føresetnadane som grunnlag vert det endå meir interessant og finne ut kva som motiverer dei frivillige og kven dei er.

Målet med oppgåva er å kartlegge kva for nokre motivasjonsfaktorar som driv dei frivillige. Kva gjere at nokre menneske har lyst og tid til å bidra, medan andre ikkje har det? Vidare ynskjer eg å finne ut kven dei frivillige er med utgangspunkt i faktorar som alder, kjønn, familie og utdanning.

I denne oppgåva vil eg samle data frå dei lokale Røde Kors-laga i Odda Kommune. Det vil sei Odda, Røldal og Tyssedal Røde Kors.

1.2 Problemstilling

Dette leiar meg fram til følgjande problemstilling:

"I lys av den aukande turiststraumen til Odda kommune, kva motiverer medlemmene i dei lokale Røde Kors-laga til å leggje ned mange timar med ubetalt arbeid for å hjelpe andre?"

Grunnen til at eg har valt denne problemstillinga er den stadig aukande turiststraumen til Odda Kommune og den påfølgande belastninga dette har gjeve dei lokale Røde Kors laga. Eg ynskjer å finne ut av kva som motiverer dei frivillige medlemmene til deltaking i Røde Kors.

1.3 Oppgåvas oppbygging

Kapittel 1.0 *Innleiing* tek for seg bakgrunnen for oppgåva, problemstillinga og oppgåvas oppbygging.

I kapittel 2.0 *Friviljugheit* byrjar eg med å fortelje om frivillig arbeid og kva som kjenneteiknar dei frivillige organisasjonane. Deretter ser eg på frivillig organisering i eit historisk perspektiv og samanliknar dette med kva som pregar dei frivillige organisasjonen i dag. Vidare tek eg for meg sivilsamfunnets rolle og funksjon, med utgangspunkt i Lorentzen (Frønes og Kjølrsrud, 2010) sine teoriar om maktbalansen mellom stat og sivilsamfunn. Til slutt i kapittelet ser eg på organisasjonen Røde Kors internasjonalt, nasjonalt og lokalt.

Kapittel 3.0 *Teoridel* omhandlar den teorien eg har valt til oppgåva. I første avsnitt vil eg ta for meg motivasjon som omgrep. Deretter går eg kort igjennom Kaufmann og Kaufmann (2015) sine fire ulike tolkingsrammer for motivasjonsteoriar, før eg ser på Batson, Ahmad og Tsang (2002) sin teori som identifiserer fire ulike motivasjonar for samfunnsdeltaking som kan relaterast til frivillig arbeid. Etter dette presenterer eg ulike sosiale grupper, kjenneteikn på desse og deira funksjonar. Her har eg tatt utgangspunkt i teoriar henta frå Kaufmann og Kaufmann (2015) og Raaheim (2002). I dei siste avsnitta tek eg for meg Wollebæk og Seggaard (2011) sine teoriar om sosial kapital, samt Schiefloe (2015) og Wollebæk og Seggaard (2011) sine perspektiv på nettverk og ressursar.

I kapittel 4.0 *Metode* vil eg sjå på styrkar og svakheiter ved høvesvis kvantitativ og kvalitativ tilnærming til forskning. Deretter ser eg nærmare på bruken av spørjeskjema, som er ei form for kvantitativ tilnærming. Vidare legg eg fram kva for ein metode eg har valt å bruke i mi oppgåve. Avslutningsvis tek eg for meg teori om etikk, reliabilitet og validitet knytt til skriving av forskingsrapportar.

I kapittel 5.0 *Resultat og drøfting* analyserer eg resultatata av spørjeundersøkinga mi og drøftar desse opp mot teorien eg har valt til oppgåva. Til slutt legg eg fram ein avsluttande konklusjon, knytt til oppgåvas problemstilling, i kapittel 6.0 *Konklusjon*.

2.0 Friviljugheit

I dette kapitlet skal eg ta for meg friviljugheit og frivillige organisasjonar. Dette er nyttig då desse organisasjonane er unike og skil seg frå både offentlege- og private organisasjonar på fleire områder. Eg skal i tillegg sjå på frivillig organisering i både eit historisk- og dagsaktuelt perspektiv, samt sivilsamfunnets rolle og funksjon i det norske samfunnet. Avslutningsvis tek eg for meg den frivillige organisasjonen Røde Kors internasjonalt, nasjonalt og lokalt.

2.1 Generelt om frivillig arbeid

ILO (International labor organization) definerer i følgje Frivillighet Norge (u.å a) frivillig arbeid som: "ikke-obligatorisk arbeid, det vil si den tiden en person bruker på å utføre en eller flere aktiviteter - enten gjennom en organisasjon, eller direkte overfor andre utenfor egen husholdning - uten å ta betalt" (Frivillighet Norge, u.å. a).

Deltakarane er organisasjonssamfunnets rygggrad, og ofte vert frivillige organisasjonar trekt fram som ei løysing på utfordringar i samfunnet. Ein viktig del av organisasjonanes resurs- og legitimitetsgrunnlag vert utgjort av medlemmer, frivillige og givarar. Slike tenester må vera til fordel for samfunnet, miljøet eller andre personar som ikkje reknast som ein del av det vanlege hushaldet. I følgje Frivillighet Norge (2016) er Noreg verdslaiande på frivillig arbeid. Det frivillige arbeidet i Noreg vert sett på som ein tredje sektor i tillegg til offentlig og privat sektor. Den norske frivillige innsatsen svarar til om lag 138 800 årsverk. Saman med nabolandet Sverige, ligg Noreg på topp på verdsbasis. Ut i frå eit økonomisk perspektiv var verdiskapinga i frivillig sektor på 128 milliardar i 2013, og majoriteten av det frivillige arbeidet vart lagt ned i kultur- og fritidsorganisasjonar (Frivillighet Norge, u.å. b).

2.2 Kva kjenneteiknar dei frivillige organisasjonane?

Ein frivillig organisasjon vert av Frivillighet Norge (2016) definert som "ei samanslutning av personar eller verksemder som driv verke på ikkje-fortenestebasert og ikkje-offentleg basis". Frivillig verke vil sei verksemd som ikkje er basert på kommersielle formål, men på frivillige gåver, innsamla midlar og frivillig tidsbruk. Desse organisasjonane spenner over eit vidt spekter av ymse aktiviteter. Dei ideelle formåla kan vera miljøvern, menneskerettar, fremming av tru og livssyn, folkehelsearbeid,

sosiale eller kulturelle mål, beredskapsarbeid, idrett, friluftsliv, solidaritetsarbeid, bistand osv. Samanslutningar av personar eller verksemder er ofte medlemsbaserte som i frivillige lag og organisasjonar, men stiftingar er eit døme på ein organisasjon som ikkje er det. Felles for frivillige organisasjonar er at dei er sjølveiande og styres gjennom egne vedtekter og statuttar (Frivillighet Norge, 2016).

2.3 Frivillig organisering i eit historisk perspektiv

Dugnad og andre formar for friviljugheit har alltid hatt ein sentral plass i det norske samfunnet. Friviljugheit var eit begreip som sto sterkt i det gamle bondesamfunnet, det tidlegare industrisamfunnet og under oppbygginga av Noreg etter andre verdskrig. Sivile samanslutningar er eit begreip som går tilbake til 1840-åra. Såkalla dugnadshjelp og lokal organisering er ei form for sivilt samarbeid som går mykje lenger tilbake enn dette. Allereie i 1823 vart dei fyrste sparebankane etablert og desse hadde eit klart sosialt siktemål. Mange av dei fyrste nasjonale og sivile samanslutningane på denne tida var opptekne av avhald, religion, misjon, fattigdom og folkeopplysing. Felles for desse var at dei vart basert på eit moralsk engasjement. Strukturen var laus og lite formalisert, og den kollektive ånda vart sikra gjennom motiverande talar og hyppige samlingar. Innsatsen, gjennom til dømes opplysningsarbeid og fattighjelp, kom gjennom personleg engasjement der alle medlemmene deltok aktivt (Wollebæk, Selle & Lorentzen, 2000: 75-76).

Idrettsrørsla og amatørkorpsa sine røter går også tilbake til 1850-åra og hadde ei nær tilknytning til lokalsamfunn og arbeidsplassar. Ein av organisasjonane som danna grunnlag for mange idrettsaktivitetar var skyttarlaga. På denne tida tok mykje av aktivitetane utgangspunkt i det militære, og idrettslaga og skyttarlaga utvikla gode stridsmenn til Noregs forsvar. Idretten er i dag eit aktivitet- og fritidstilbod, men den har alltid vore konsentrert om ulike formål i ulike tidsperiodar (Wollebæk et al., 2000: 76-77).

Frå 1880-åra vart Noregs Kvinnesaksforening og Kvinnestemmerettsforeningen sentrale i arbeidet for kvinners sosiale og politiske rettigheter. Det var på denne tida kvinnene byrja å organisere seg på egne premisser, noko som var eit uttrykk for auka politisk engasjement blant kvinner (Wollebæk et al., 2000: 78).

Perioden fram til 1940 var ei tid då dei kristne organisasjonane opplevde vekst og auka utbreiing. I mellomkrigstida vart mange organisasjonar, særskilt helse- og sosialrelaterte, knytt til statlege og kommunale myndigheiter. Både stat og organisasjonar var inne i ein oppbyggingsperiode og difor hadde begge nytte av kvarandre. Enkelte organisasjonar fekk kommunal stønad, ofte med krav om at eit like stort beløp skulle skaffast frå private kjelder eller at kommunen fekk styrerepresentasjon. Samarbeidet og forbindelsen mellom det offentlege og organisasjonane har altså ei historie som startar lenge før den moderne velferdsstaten. Organisasjonane fekk innflytelse gjennom folkeleg engasjement, arbeidskraft, kompetanse og evne til å ta initiativ. Gjennom eit mangfald av sivile aktivitetar steig eit breitt og folkeleg engasjement fram. Desse aktivitetane vart kombinert med politisk vedkjenning og avgrensa offentleg stønad og kontroll. Dette vert sett på som ein glansperiode for dei sivile samanslutningane (Wollebæk et al., 2000: 78-79).

2.4 Kva pregar dei frivillige organisasjonane i dag?

I dagens samfunn er friviljugheita representert gjennom fleire tusen frivillige organisasjonar. Desse organisasjonane fremmar særinteresser både lokalt, regionalt og nasjonalt. Aktivitetar i nærmiljø har hatt stor vekst dei siste åra, medan frivillig arbeid knytt til politikk og religion er i nedgang (Wollebæk og Sivesind, 2010).

I 1997 starta Noreg arbeidet med ei kartlegging av frivillig sektor. Dette vart gjort som ein del av det fleirnasjonale Johns Hopkins Comparative Nonprofit Sector Project, også kalla Hopkinsundersøkinga. Prosjektet omfatta ei undersøking av lokallag i Hordaland, samt ei spørjeundersøking om frivillig arbeid. Resultata gav ei fullstendig oversikt over frivillig sektor i Noreg, dvs. tal på medlemmer og organisasjonar, sysselsetjing, frivillig innsats, driftskostnadar og inntekter frå ulike kjelder. I artikkelen "*Fra folkebevegelse til filantropi*" (Wollebæk og Sivesind, 2010) kjem forfattarane med ei oppdatert oversikt over tilstanda til den frivillige sektoren.

For det fyrste peikar Wollebæk og Sivesind på at sektoren har nådd eit mettingspunkt. Som eit resultat av at medlemskapa i organisasjonane har blitt meir passive, står ei større del av befolkninga heilt utanfor, som kan forklarast av eit generasjonsskifte. Den

yngre generasjon deltek i mindre grad, medan ei stadig større pensjonistbefolkning held deltakinga oppe på eit høgt nivå.

Me ser i dag eit organisasjonssamfunn prega av aukande forskjellar, der sosiale forskjellar i samfunnet reproduserast i større grad enn for fem og ti år sidan. Låginntektsgrupper, uføre, unge menn med låg utdanning og minoritetsgrupper er grupper som slit på andre arenaer. Desse gruppene dett også utanfor i sivilsamfunnet. Dei på innsida av organisasjonssamfunnet aukar sine sosiale ressursar, kontaktnettverk, kvalifikasjonar og livskvalitet, medan dei utanfor ikkje får tilgang på dette. På denne måta forsterkast forskjellane i samfunnet, i staden for å jamna dei ut (Wollebæk og Sivesind, 2010).

Wollebæk og Sivesind skriv vidare at dei kollektive idear i det norske organisasjonssamfunnet er svekka. Dette viser seg blant anna i svakare identifikasjon med enkeltorganisasjonar og mindre tidsbruk blant frivillige og medlemmer. I tillegg vert det peika på mindre vilje til å inngå i forpliktande relasjonar, altså medlemskap. Frivillig innsats beveger seg mot å bli eit sjølvrealiseringsprosjekt som handlar om å kjenne seg verdsett og viktig, samt om instrumentelle faktorar som til dømes nettverksbygging. Målet med folkerørslene, som har dominert det norske organisasjonssamfunnet sidan andre halvdel av 1800-talet, har vore å skapa ei politisk tyngd og legitimitet gjennom massemedlemskap. Wollebæk og Sivesind meiner at den frivillige sektoren si framvekst av ikkje-medlemsbasert friviljugheit, aukande sosiale forskjellar og mindre vilje til å aktivt delta mens ein samstundes gjev meir pengegåver, kan tolkast som at den frivillige sektoren er på veg frå folkerørsele i retning av filantropi¹. Der Noreg beveger seg mot filantropi, står medlemsmodellen støtt i Sverige og omfanget av frivillig arbeid er aukande. Samstundes er dei sosiale forskjellane blitt mindre i Sverige enn i Noreg, til trass for at nabolandet har ei historie med større klasseforskjellar enn oss. Wollebæk og Sivesind peikar på den kolossale individuelle velstandsveksten i Noreg som ei mogleg forklaring. I dagens Noreg har me i langt større grad råd til å betala oss ut av situasjonar som er slitsame, vanskelege eller ubehagelege, seier artikkelforfattarane.

¹ <https://snl.no/filantropi>

2.5 Sivilsamfunnets rolle og funksjon

I følgje Lorentzen (Frønes og Kjølrsrud, 2010: 313) kvilar ein vel fungerande maktbalanse mellom stat og sivilsamfunn på ein viktig føresetnad; Staten kan i prinsippet tvinge sivile aktørar til å oppføre seg i samsvar med statens interesser, sidan staten har monopol på lovgjevnad og fysisk maktutøving. Sivilsamfunnet sitt krav til sjølvstende må anerkjennast og akseptast av staten, viss maktbalansen mellom desse skal fungere. Staten må vidare sikre vilkåra for sivil utfolding, blant anna ved å legge til rette for materielle rammeføresetnadar, meiningsdanning, ytrings- og trykkefridom. Det frivillige feltet gjev inngang til sentrale prosessar i det norske samfunn, seier Lorentzen. Desse skal eg no sjå nærmare på.

For det første er det sivile fellesskapet med på å sosialisera oss til eit liv i det norske samfunn. Deltaking i frivillige organisasjonar skapar tilhøyrslø, fellesskap og sosiale nettverk. Desse faktorane legg vidare grunnlaget for sosial kapital og tillit, samstundes som det motarbeider isolasjon og framandgjering. Eit viktig argument for kvifor me treng eit levande og aktivt sivil fellesskap er verknadane eit slikt fellesskap har for sosialisering og integrasjon.

I følgje Lorentzen har sivilsamfunnet ein viktig funksjon som organisator for ulike interesser. Til dømes vil folk med felles fritidsinteresser samle seg i ei foreining saman. På denne måten kan desse personane lettare nå fram med sine krav ovanfor myndigheitene. Forvaltninga og interesseorganisasjonane samhandlar på både lokalt og nasjonalt nivå. Difor leverar interesseorganisasjonane viktige premisser for utforminga av offentleg politikk. Ulike organisasjonar inngår som ein del av den demokratiske meiningsdanninga, noko som skjer gjennom den korporative kanalen.

Dei frivillige organisasjonane har på mange områder ei sentral rolle i implementeringa av offentleg politikk. Til dømes hjelper idretten til med og innfri offentlege helse mål, redningsselskapet tek ansvar for sjøredningsteneste, medan Røde Kors blir kalla ut av politiet om nokon skal reddast i fjellet. Slike sivile samanslutningar utgjer eit viktig element i den offentlege politikken, seier Lorentzen.

No er det tid for å snevre inn fokuset på friviljugheit til den organisasjonen eg skal sjå nærmare på i oppgåva, nemleg Røde Kors.

2.6 Den internasjonale Røde Kors- og Røde Halvmånebevegelsen

Den internasjonale Røde Kors- og Røde Halvmånebevegelsen består av Den internasjonale Røde Kors-komiteen (ICRC), Det internasjonale forbundet av Røde Kors- og de Røde Halvmåneforeningar. Organisasjonen vart skipa av den sveitsiske forretningsmannen Henri Dunant i 1863. Desse organisasjonane er uavhengige av kvarandre, men er foreina gjennom felles grunnprinsipp, mål, symbol, vedteker og styresett. Organisasjonen har i dag 80.millionar frivillige fordelt på 190 nasjonale foreiningar (ICRC, u.å.).

Det internasjonale Røde kors er verdas største internasjonale humanitære organisasjon. Hovudmålet til organisasjonen er å yte hjelp til såra og sjuke som er råka av krig, konflikt eller katastrofar. Ein av organisasjonens viktigaste grunnpilarar er respekt for alle menneske. Verken nasjonalitet, rase, religiøs eller politisk tilhøyrslse skal ha noko betyding for kven som får hjelp. Det internasjonale forbundet av Røde Kors- og Røde Halvmåne-foreningar har mange oppgåver. Blant anna yter dei katastrofehjelp i samband med jordskjelv, flaumar og andre naturkatastrofar. I tillegg arbeider organisasjonane med oppbygging av beredskap i spesielt utsette områder, driv flyktningararbeid, utviklings- og helsearbeid og dei utviklar nye nasjonalforeiningar. Dei nasjonale foreiningane tek arbeidet vidare til sine lokalforeiningar, som gjennomfører arbeidet i høve til lokale forhold (Nylenna, 2014).

2.7 Norges Røde Kors

Norges Røde Kors vart stifta i 1865. I dag har organisasjonen rundt 133 000 medlemmer, fordelt ut over 500 lokale foreiningar (Braut, 2015). Hovudformålet til organisasjonen er å drive humanitært hjelpearbeid i inn- og utland, med bakgrunn i grunnprinsippet om at verken rase, tru eller politisk tilhøyrslse skal ha noko og seie for arbeidet (Kirkevold, 2014). Dei nasjonale aktivitetane er organisert under fire landsråd. Desse er barnehjelp, besøkstenesta, hjelpekorps og eit særskilt ungdomsråd (Braut, 2015). Fokuset i denne oppgåva vil rettast mot hjelpekorpsset, Norges Røde Kors Hjelpekorps.

Norges Røde Kors Hjelpekorps er Noregs største frivillige beredskapsorganisasjon. Organisasjonen har om lag 13000 aktive medlemmer som utfører hjelpearbeid ved ulykker og katastrofar. Hjelpekorpsa byggjer opp og sikrar forsvarleg beredskap gjennom utdanning av sine egne medlemmer og spreining av førstehjelpskunnskap i sine nærmiljø (Braut, 2015).

Politiet kallar ut hjelpekorpsa når nokon vert sakna ved ulykker, kriser og naturkatastrofar. I følgje Norges Røde Kors si nettsida er eit eller fleire hjelpekorps i aktivitet for å hjelpe menneske kvar dag, heile året. Korpsa sine aktivitetar er basert på lokale forhold og naudsynte behov. Mange av hjelpekorpsa er spesialiserte på ulike fagområder, til dømes vatn-, skred- eller fjellredning (Norges Røde Kors, u.å. a).

2.8 Hjelpekorpsa i Odda Kommune

Odda er ein kommune i Hordaland fylke som strekker seg frå den inste delen av Sørfjorden, gjennom Oddadalen og opp til Røldal. Kommunen grensar mot Suldal og Sauda i sør, Ullensvang i nord, Etne og Kvinnherad i vest og Vinje i aust. I kommunen bur det om lag 7000 personar².

- Odda Røde Kors vart skipa i 1940. Korpset har i dag 33 aktive medlemmer. Totalt deltok Odda Røde Kors på 57 aksjonar i 2016.

- Tyssedal Røde Kors vart skipa i 1941. Korpset har per dags dato 32 aktive medlemmer og deltok på om lag 50 aksjonar i 2016.

- Røldal Røde Kors vart skipa i 1965 og har 25 aktive medlemmer. Korpset deltok på om lag 10 aksjonar i 2016, men var førehandsvarsla på mange fleire oppdrag.

² <https://snl.no/Odda>

2.9 Samanfatning

Mangfaldet innanfor frivillige organisasjonar er stort og mange vil påstå at desse organisasjonane er samfunnets ryggrad. Friviljugheit har hatt ein sentral plass i det norske samfunnet i fleire hundre år. Dagens sivilsamfunn har ein viktig funksjon som organisator for ulike interesser, og har ei sentral rolle i implementeringa av offentleg politikk. Wollebæk og Sivesind peikar, blant anna, på svekka kollektive idear, ei svakare identifikasjon med enkeltorganisasjonar og mindre tidsbruk blant frivillige og medlemmer i si skildring av frivillig arbeid.

3.0 Teoridel

I denne delen av oppgåva skal eg ta for meg nokre teoriar som kan knytast opp mot frivillige deltaking. Først tek eg for meg motivasjon, som er det sentrale omgrepet i mi problemstilling. Deretter går eg kort igjennom Kaufmann og Kaufmann (2015) sine ulike tolkingsrammer for motivasjonsteoriar. Vidare skal eg sjå på Batson, Ahmad og Tsang (2002) sine fire ulike motivasjonar for samfunnsdeltaking: eogisme, altruisme, kollektivism og prinsippisme. Deretter ser eg på teoriar om sosiale grupper. Dette vil voe nyttig då eit Røde Kors-lag er eit døme på ei sosial gruppe. Avslutningsvis tek eg for meg teoriar om sosial kapital og nettverk og ressursar, basert på litteratur frå Wollebæk og Seggaard (2011) og Schiefloe (2015).

3.1 Motivasjon

Motivasjon er utleia av det latinske ordet movere. Dette tyder å "bevege".

I det psykologiske språket spør ein om kva for nokre drivkrefter som får oss til handle. I tillegg er motivasjonspsykologien oppteken av å kunne forklare retning i åtferd, altså korleis våre handlingar går i eit spor framfor eit anna. Kaufmann og Kaufmann definerer motivasjon som "dei biologiske, psykologiske og sosiale faktorane som aktiverer, gjev retning til og opprettheld åtferd som i ulike gradar av intensitet for å nå eit mål" (Kaufmann & Kaufmann, 2015: 113).

3.2 Motivasjonsteoriar

I organisasjonspsykologien skil ein mellom fire ulike tolkingsrammer for motivasjonsteoriar; behovsteoriar, kognitive teoriar, sosiale teoriar og situasjonsteoriar. Motivert åtferd blir i behovsteoriar betrakta som noko som er utløyst av ulike typar grunnleggjande behov. Desse behova kan vera eit produkt av læring over lang tid eller biologiske. Behovsteoriar har i følgje Kaufmann og Kaufmann lang tradisjon i psykologien og eit utprega mål har vore å finne fram til eit sett av grunnleggjande behov som forklarar menneskes åtferd. Kognitive teoriar ser motivasjon som eit resultat av individets forventning om måloppnåelse, ytre og indre løn og eigen yting samt evalueringar av kjelder til motivasjon. I sosiale teoriar retter ein merksemda mot individets opplevingar av likskap versus ulikskap og rettferd versus urettferd i handlinga av andre. Desse teoriane tek føre seg korleis individets forhold til andre i organisasjonen kan virke motiverande eller de-motiverande.

Situasjonsteoriar handlar om motivasjonselementa i sjølve jobben. Her forsøker ein å kartleggje kva for nokre faktorar i jobbsituasjonen som verkar motiverande og demotiverande.

3.3 Egoisme, altruisme, prinsippisme og kollektivisme

Gjennom masteroppgåva *Frivillig arbeid: Egoistisk altruisme?* (Hajum, 2015) vart eg oppmerksam på ein artikkel som tek for seg fleire motivasjonsmotiv i samband med frivillig deltaking. I artikkelen *Four Motives for Community Involvement* viser Batson, Ahmad og Tsang (2002) til fire motivasjonsmotiv for samfunnsdeltaking; "egoism, altruism, collectivism and principlism." Skiljet mellom desse fire baserer seg på det unike målet ved kvart motiv.

- Egoisme: auke sin eigen velferd
- Altruisme: auke velferda til ein annan person eller personar
- Kollektivisme: auke velferda til ei gruppe
- Prinsippisme: oppretthalda ein eller fleire moralske prinsipp

Som kjelde til samfunnsengasjement har kvar av desse fire formene for motivasjon sine styrker og svakheiter. Desse skal eg sjå nærmare på no.

Egoistisk motivert frivillig arbeid dreier seg om å handle til fellesskapet sitt beste ut i frå dei frivillige sine egne interesser (Batson et al., 2002: 429). Deltaking i Røde Kors kan for nokon vera eit middel til å oppnå noko av eigen interesse. Til dømes har nok mange meldt seg inn i Røde Kors fordi dei er glad i å køyra snøscooter. Her vil ein få utlaup for ei eigen interesse, samstundes som at ein bidreg til fellesskapets beste. Ofte støttar bedrifter ulike lag og organisasjonar økonomisk, i form av sponning eller donasjonar. Bedriftene ynskjer at slik stønad skal resultere i at bedrifta vert oppfatta som god og at den tek samfunnsansvar. Bedriftene skaper jobbar for samfunnet på sin eigen veg mot vekst og større verdi. Begge desse døma er til fellesskapets beste, sjølv om dei i utgangspunktet er egoistisk motivert. Batson et al. skildrar dei egoistiske motiva sin kraftige karakter som positivt, men peikar også på dei som ustabile. Dersom ein egoistisk motivert person kan få det han ynskjer utan å måtte bidra til fellesskapet, så vil han mest sannsynleg ikkje bidra som frivillig. Til dømes vil personen som var glad i å køyre snøscooter få utlaup for denne interessa ein annan plass. Sannsynlegvis vil denne

personen gje seg som frivillig, då han ikkje trenger å delta som frivillig for å få utlaup for sine egne interesser. Det egoistiske motivet er då ikkje lenger til fellesskapets beste, seier Batson et al.

Altruisme er motivasjon der målet er å auke velferda til andre enn seg sjølv. Det er vanleg at denne typen frivillig arbeid er driven av empati for andre personar, til dømes heimlause eller personar med AIDS (Batson et al., 2002: 436). Ein frivillig med altruistiske motiver vil ha det å auke andre si velferd som eit mål. I følgje Batson et al. er det ikkje bevist at altruistiske motiver basert på empati finst. For det første spør forfattarane om det er mogleg å kjenne empati for store grupper som til dømes *samfunnet*, *dei eldre* eller *dei heimlause*. For det andre peikar Batson et al. på at ulike grupper ofte vil framkalle ulik grad av empati hos oss. Til dømes er det større sannsyn for at me føler empati med dei som står oss nær. Kanskje vil ikkje den frivillige frå Røde Kors, på sitt 20. oppdrag til Trolltunga, føle empati med den uheldige asiatiske turisten på same måten som ein ville gjort dersom det var snakk om eit barn i naud. I følgje Batson et al. er mange av dei største sosiale problema me har i samfunnet for innvikla og langsiktige til at dei vekker empati hos oss.

Kollektivism som motivasjon har som mål å auke velferda til ei gruppe eller eit kollektiv. I følgje Batson et al. varierer slike grupper i størrelsen frå to til over to millionar individ. Dette kan til dømes vera eit ekteskap, ein familie, eit nabolag, ein by, ein nasjon eller heile menneskeheita. Det kan også vera grupperingar innan ulike rasar, religionar, kjønn, politiske parti eller sosiale klassar. I følgje Batson et al. treng ein ikkje naudsynt vera medlem av gruppa for å bry seg om den. Personar som føler eit sterkt engasjement med ei gruppe vil handle for å forbetre velferda til denne gruppa, sjølv om personane ikkje er medlem av denne gruppa. Kollektivism som motivasjon vert med andre ord vekka av at ei gruppes velferd er truga. Til dømes vil ein person som føler sterkt engasjement for det lokale Røde Kors-laget delta på medlemsmøter og innsamlingsaksjonar for å sikre framtida til laget. I denne samanhengen er personens viktigaste mål å bidra til å hjelpe ei spesiell gruppe, nemleg Røde Kors-laget. Personen handlar då ut i frå kollektivism som motivasjon. Batson et al. påpeikar at menneske bryr seg meir om grupper dei er medlem av eller grupper dei er like. I Røde Kors samanheng kan ein fort kome i ein situasjon der ein bryr seg veldig om ein del av det

lokale laget, til dømes redningstenesta, medan ein ikkje er særleg motivert eller interessert i å bidra på andre områder, til dømes besøkstenesta for eldre. Dette er gjerne meir aktuelt i større lokallag, enn i dei relativt små laga eg undersøker.

Prinsippisme som motiv for frivillig arbeid dreier seg om å ta omsyn til eigne moralske prinsipp, som til dømes rettferd (Batson et al., 2002: 439). Mange moralske filosofer avviser dei altruistiske motivasjonsmotiva basert på følelsane av empati og medkjensle, fordi desse følelsane er for avanserte og situasjonsavhengige. I følgje Batson et al. dreier det å handle til fellesskapets beste seg ofte om prinsipp. Til dømes ser me på det som ei plikt å stemme ved val, og me har frå ung alder blitt fortalt at me ikkje skal kaste søppel på gata eller i naturen. Dette er typiske dømer på moralske prinsipp som alltid er gjeldane. Problema kjem først når våre eigne interesser kolliderer med kva dei moralske prinsippa seier me skal gjere; *"It is not that we lack moral sensibility; most of us consider ourselves to be highly moral ... Yet when our own interest is best served by violating avowed moral principles, we may find this relatively easy to do"* (Batson et al., 2002: 440). Slik eg tolkar Batson et al. har me måtar å sjå på oss sjølve som rettferdige, samstundes som me unngår kostnaden knytt til det å faktisk vera rettferdig. Dei moralske prinsippa er med andre ord sterke, men motivasjonen blant oss til å oppretthalde desse prinsippa er til tider svak.

3.4 Sosial gruppe

Ei sosial gruppe er "ein sosial eining der medlemmene påverkar kvarandre gjensidig og har felles interesser over tid" (Kaufmann & Kaufmann, 2015: 325).

Raaheim (2002) seier at man i sosialpsykologisk teori meiner noko anna, enn ei meir eller mindre tilfeldig gruppe, når ein forklarar omgrepet *ei gruppe*. Ei slik tilfeldig gruppe vert i sosialpsykologien skildra som aggregat (Raaheim, 2002: 12). Dette kan til dømes vera ei samling av menneske som står i køen på ein butikk. Desse personane har ikkje naudsynt noko anna til felles enn at dei skal betale for maten sin. Raaheim nemnar også eit viktig skilje mellom omgrepa sosial gruppe og sosial kategori. Alle kan ha nokre felles kjenneteikn utan at dei tilhøyr ei sosial gruppe, til dømes fysisk utsjånad. Eit anna døme på sosiale kategoriar er ulike yrkestitlar, som også delast av fleire personar i samfunnet, utan at dei tilhøyr den same sosiale gruppa. I ei sosial gruppe føregår det

samhandling mellom fleire individ som er retta mot eit felles mål og er regulert av gruppas normer og reglar. I ei slik gruppe har medlemmene ymse arbeidsoppgåver konstruert ut i frå kva for ei målsetning gruppa har. Det er vanleg at det vert krevja ei viss grad av lojalitet av gruppemedlemmene og dette er ein del av dei allment aksepterte spelereglane. Om nokon vel å ikkje følgje desse reglane, kan det føre til at ein vert ekskludert frå gruppa.

Ulike typar sosiale grupper

Raaheim skil mellom primærgrupper på den eine sida, og sekundærgrupper på den andre. Eit døme på ei primærgruppe er familiegruppa, der medlemmane har nære og personlege forhold og nærmast dagleg kontakt. I denne oppgåva skal me fokusere på ei såkalla sekundærgruppe. For medlemmene i Røde Kors er organisasjonen ei slik gruppe. I følgje Raaheim kan ikkje eit lag, eit politisk parti eller ein idrettsforeining kallas for ei primærgruppe. Medlemmene her har ikkje naudsynt nære forbindelsar til meir enn nokre få andre medlemmer. Som eit medlem i Røde Kors har ein betalt ei avgift for medlemsskap og ein har då akseptert eit sett av spelereglar. Ei sekundærgruppe har ofte ein klar, hierarkisk struktur der medlemmene inngår i relasjonar som er regulert gjennom ulike roller. Øvst i hierarkiet finn me leiaren (Raaheim, 2002: 21).

Kjenneteikn på sosiale grupper

Kommunikasjonen i ei gruppe er ikkje tilfeldig, men strategisk styrt. Det føregår mykje kommunikasjon som omhandlar andre ting enn vegen mot eit definert mål, men denne prosessen er gruppas hovudmål. Ta til dømes eit medlemsmøte i Røde Kors. Tema for møte kan vera bruk av samband og då vert samband den raude tråden gjennom møte. Anna kommunikasjon føregår sjølvstøtt på tvers av dei ulike personkonstellasjonane i gruppa, men det er denne raude tråden som skil sosiale grupper frå meir tilfeldige samlingar av personar (Raaheim, 2002: 14).

Dynamikk er sentralt i grupper, seier Raaheim. Ei gruppe er dynamisk dersom det vert sett i gang prosessar som får betydning for avstanda til gruppa sine mål. Den strategien og dei slutningane ei gruppe tek får konsekvensar for gruppas moglegheiter til å nå sine mål i framtida. Dersom gruppa tviheld på ein bestemt strategi, som er staka ut av leiaren

eller bestemt i fellesskap, vil gruppa i gitte situasjonar ha mindre sjanse til nå måla sine (Raaheim, 2002: 14).

Avhengigheit er også eit viktig kjenneteikn på sosiale grupper. Individua i gruppa har forskjellige oppgåver og funksjonar på vegen mot å nå eit mål. Det vil sei dei er gjensidig avhengige av kvarandre. Samarbeidet mellom individua i gruppa har mykje å sei for kor raskt dei oppnår måla sine. I følgje Raaheim avhenger ei gruppes effektivitet av både samhandlingsmønsteret og dei personlege relasjonane mellom medlemmene. Til dømes vil personlege gnissingar mellom to i gruppa kunne føre til lågare produktivitet og manglande trivsel. Kaufmann og Kaufmann (2015) skriv om eit liknande kjenneteikn; *gjensidig innverknad*. Medlemmene i gruppa påverkar kvarandre gjennom sine handlingar. Det arbeidet eit av medlemmene gjer, har konsekvensar for det eit anna medlem skal gjere. Dei er på den måten avhengig av kvarandre.

Synleg medlemskap er eit viktig trekk ved sosiale grupper. Dei som utgjer gruppa oppfattar seg sjølv som gruppemedlemmer og dei kan namngje andre medlemmer. Som medlem i ei gruppe er man underlagt ein *sosial kontroll*, seier Raaheim. Individ må gje slepp på noko av sin individualitet til fordel for gruppas fellesnormer. Deltaking i eit fellesskap har sin pris og medlemmene vil bli pålagt restriksjonar av fellesskapet. Åtferda til eit medlem kan bli gjenstand for negative sanksjonar. Dette er fordi gruppa har *felles normer*, som vert utvikla fordi gruppa har felles interesser og mål over lenger tid. Desse fungerer som gruppas spelereglar, og består av påbod og forbod om nærmare definerte handlingar og åtferdsformer.

Ei gruppes funksjonar

Dei aller fleste lever i grupper heile livet. Det er sjeldan at nokon lever heilt åleine utan sosial kontakt med andre. I følgje Kaufmann & Kaufmann er behovet for sosial tilknytning eit av mennesket sine viktigaste behov i livet. Eit konstant forhold i antropologien³, på tvers av alle samfunn, er at menneske føretrekk å leve i grupper framfor å leve åleine. Langvarig isolasjon kan utvikle psykotiske forvirringstilstandar og manglande sosial tilknytning er ein av dei viktigaste årsaka til mentale forstyrringar. Gode, sosiale tilknytningar gjev ei grunnleggjande tryggleik og er viktig for sjølvbilete, funksjonsevna

³ <https://snl.no/antropologi>

og velvære til menneske. Viktige konsekvensar av sosiale tilknytingar er god sosialisering og positiv sosial, mellommenneskeleg orientering. Sosiale nettverk, dvs. organiseringa av eit individs sosiale kontaktar, er sentrale for eit individs psykologiske- og sosiale funksjonsevne. Desse nettverka kan i mange situasjonar virke som ein buffer mot stress og andre sterke påkjenningar (Kaufmann & Kaufmann, 2015: 327-328). Kaufmann & Kaufmann skildrar *personleg identitet* som ei subjektiv oppfatning av kven og korleis man er. Sosial identitet understrekar eit poeng om at me opplever andre og oss sjølv med referansar til individuelle, personlege eigenskaper, men også til kva for nokre sosiale grupper me er medlem av. Kaufmann & Kaufmann påstår at temaet *sosial samanlikning* er tett knytt opp mot sosial identitet. Gjennom å gjere sosiale samanlikningar og få tilbakemeldingar frå omgivnadane på våre handlingar utviklar menneske ein stabil personleg og sosial identitet med adekvat sjølvfølelse. Denne tilbakemeldinga er avgjerande for den såkalla subjektive meistringskjensla. På denne måten kan ei gruppe fungera som ein trygg base. Denne basen bidreg til å fremje eit individs identitet og sjølvfølelse, og individa vil ofte definere seg sjølv gjennom deira tilhøyrse til slike grupper. Sosiale grupper er med andre ord ei kjelde til ros, status og vennskap (Kaufmann & Kaufmann, 2015: 329).

3.5 Sosial kapital

Wollebæk og Seggaard (2011) skildra sosial kapital som ressursar, i form av tillit og nettverk, som styrkar føresetnadane for kollektiv handling. Kombinasjonen av nettverk og tillit mellom menneske muliggjer ikkje-tvangsbaserte kollektive handlingar.

Ein rekke studie har i følge Wollebæk og Seggaard dokumentert at høg sosial kapital internt i organisasjonar er positivt forbundet med innovasjon, deling av kunnskap, effektivitet, overleving og stabilitet i personale. Det vert meir rasjonelt å involvera seg når det ligg ei forventning til grunn om at andre bryr seg og ikkje berre er ute etter eigen nytte. Personar i frivillige organisasjonar må vera villige til å delta i diskusjonar med andre og bli einige med menneske som er ulike seg sjølv.

Den individuelle nytta av sosial kapital har to dimensjonar, seier Wollebæk og Seggaard. For det fyrste kan eit individ ha nytte av den sosiale kapitalen ein sjølv sit på. Individet kan skaffe seg fordelar og tilgang til andre kapitalformar gjennom nettverk. For det

andre kjem nytta av alle andre sin sosiale kapital. Dette gjeld særskilt andre menneske sin tillit til kvarandre. Ein kan dra fordelar gjennom å leve i eit samfunn der andre stolar på kvarandre, sjølv om ein ikkje er eit tillitsfullt menneske. Tillit kan med andre ord sjåast på som ein veg ut av sosiale feller, dvs. situasjonar der den enkeltes kortsiktige nyttemaksimering står i motsetnad til kollektivets interesse på lenger sikt. I følgje Wollebæk og Seggaard er det meiningslaust å vera den einaste som ofrar eigeninteressa til fordel for fellesskapet, dersom ein ikkje har tillit til andre sin samarbeidsvilje. Sjølv om dei fleste forstår at dei vil tene på eit samarbeid med andre personar, så kan mangel på tillit blokkere dette. Wollebæk og Seegard kjem med eit godt døme på dette. Handlar ein på Smart Club i Noreg kan ein forsyne seg av så mange sekker ein vil før ein betalar i kassen. Kjøper ein derimot ein pose med eple på torget i Moskva, får du sjeldan vege dei sjølv. Dette må gjerast av ein særskilt tilsett person. Konsekvensen av dette er dyrare eple, og kostnaden for manglande aggregert sosial kapital fell på forbrukaren (Wollebæk og Seggaard, 2011: 15).

I ein Røde Kors-organisasjon er det avgjerande at medlemmene samarbeider. Dette gjeld særskilt i redningsaksjonar der liv står på spel. Medlemmene samarbeider alltid med andre medlemmer, når dei skal hjelpe ein tredjepart. Mangel på tillit til dei du samarbeider med kan i desse tilfella få fatale konsekvensar. Poenget, opp mot sosial kapital, er at desse frivillige ikkje handlar ut frå ei eigennytte. Dei brukar tid og ressursar på å hjelpe andre menneske. I Noreg vert den frivillige sektoren sett på som ein tredje sektor etter kommunal og privat sektor. Det er politiet som tilkallar Røde Kors til aksjonar og dei frivillige vert ofte nytta som ein ressurs i vanskelege situasjonar. Dei som jobbar i politiet har sjølv sagt betalt for det dei gjer, men det har ikkje dei frivillige i Røde Kors. Konsekvensen av at dei frivillige ikkje deltek i beredskapsarbeidet i Noreg ville vore ein stor kostnadsauke for andre instansar, til dømes politiet. Dei frivillige organisasjonane er ein stor ressurs, som i form av tillit og nettverk, styrkar føresetnadane for kollektiv handling. Kombinasjonen av nettverk og tillit mellom dei frivillige muliggjer ikkje-tvangsbaserte kollektive handlingar. Friviljugheit er ikkje eit utfall, men ein ressurs (Wollebæk og Seggaard, 2011: 14).

3.6 Nettverk og ressursar

”Å ha suksess er eit sosialt fenomen: Det avhenger av våre relasjonar til andre”
– Wayne Baker (Schiefloer, 2015: 91).

Schiefloer seier at menneske har eit godt utgangspunkt for å handtera fleire av utfordringane i livet dersom individa har gode, tillitsfulle og varige relasjonar til andre menneske. Menneske har eit grunnleggjande sosialt behov for koplingar med andre. Det er viktig å oppleve tryggleik til andre og menneske trivst, og fungerer best, når dei anerkjennast som deltakarar i meningsfulle, sosiale fellesskap (Schiefloer, 2015: 91). Både Schiefloer og Wollebæk & Seggaard fokuserarar på at deltaking i eit nettverk gjev individa tilgang til ulike ressursar. Gjennom relasjonar til andre kan ein få hjelp og støtte. For det fyrste kan ein få, byte og låne materielle godar, pengar og tenester. For det andre kan individa i nettverk få trøst og omsorg når ein er i vanskelege situasjonar. Ein kan få hjelp av andre ved at dei opnar dører, legger inn gode ord eller påverkar slutningstakarar. Schiefloer legg særleg vekt på at det er stor variasjon i kva me kan forvente oss av andre. Partane si oppleving av forplikting til kvarandre kan i mange relasjonar vera nærmast uavgrensa. Til dømes kan menneske vera villige til å ofre mykje av tid, engasjement, arbeidsinnsats og materielle ressursar for sine nærmaste. Ved andre relasjonar kan forpliktingane opplevast som fråverande. Me kan også på ei side ha kontaktar som er sterke, dyktige, rike og mektige, mens me på den andre sida har relasjonar til individ som har lite å bidra med (Schiefloer, 2015: 91-92).

Medan Wollebæk & Seggaard fokuserer på individnivået ved nettverk, peikar Schiefloer i tillegg på at nettverk kan ha sentrale kvalitetar på meso- og makronivå⁴. På mesonivå vil dette gjelde for nabolag/lokalsamfunn, for grupper med felles interesser og for organisasjonar. På makronivå vil verknaden av uformelle relasjonar til dømes framkoma indirekte i form av tillitsnivå og vilje til å ta ansvar for fellesskapet. Sosial kapital er i fellesnemnaren som er blitt teken i bruk for å skildre og analysere denne typen ressursarar på mikro- og makronivå (Schiefloer, 2015: 92).

⁴ <http://individogfellesskap.cappelen.no/binfil/download.php?did=23531>

3.7 Samanfatning

I problemstillinga mi spør eg om kva som motiverer dei frivillige til å leggje ned den innsatsen dei gjere for sine lokale Røde Kors-lag. Teoriane til Batson m.fl viser at det er mykje som kan motivere individ til ein slik innsats. Både egoisme, altruisme, kollektivism og pinsippisme er sentrale stikkord i denne samanhengen. Som Kafumann og Kaufmann presiserer kan gode og sosiale tilknytingar gje individa ei grunnleggjande tryggleik og vera viktig for sjølvbilete, funksjonsevna og velvære til individa. Kaufmann og Kaufmann tek også opp det at ei sosial gruppe si funksjon som ein trygg base kan fremje eit individs identitet og sjølvkjensle. Samstundes kan sosiale grupper vera ei kjelde til ros, status og vennskap. Schiefloe og Wollebæk & Segard peikar på at deltaking i eit nettverk kan gje individa tilgang på ulike ressursar.

4.0 Metode

I dette kapitlet skal eg sjå på korleis eg på best mogleg måte kan få svar på problemstillinga mi. Når det skal gjennomførast ei undersøking, er det viktig at ein vel rett forskingsdesign. Då må ein ta stilling til kva og kven som skal undersøkast, og korleis undersøkinga skal gjennomførast.

4.1 Kvantitativ og kvalitativ tilnærming

Forskingsdesign er i følge Johannessen (Johannessen, Christoffersen & Tufte, 2011) alt det som knytter seg til ei undersøking. Det som skil forskning frå kvardagslege vurderingar er at det må samlast inn dokumentasjon eller data. Den dokumentasjonen skal spegla den røynda som vert undersøkt. I metodelitteraturen skil ein mellom kvalitativ og kvantitativ metode. Kvalitative metodar samlar inn og registrerar data i form av tekst, lyd og bilete, medan kvantitative metodar samlar inn og registrerar data i form av tal (Johannessen et al., 2011: 103).

Dersom ein ynskjer å skildre korleis ulike individ forstår og tolkar ein situasjon, vil det vera formålstenleg å velje ei kvalitativ tilnærming. Johannessen et al. skildrar to grunnleggjande forskjellige måtar å samle inn kvalitative data på; observasjon og intervju. Observasjon som metode fungerer bra dersom ein forskar ynskjer direkte tilgang til fenomenet han undersøker. Dette kan til dømes vera samhandling mellom leiar og andre medlemmer i eit Røde Kors-lag. Intervju som metode eignar seg godt dersom forskaren ynskjer å gje informantane rom til å uttrykke seg (Johannessen et al., 2011: 144). Med andre ord kan me sei at ei kvalitativ tilnærming passar bra til problemstillingar som synast som uklare og der det er behov for grundigare undersøking. Denne metoden gjev meir rom for openheit og fleksibilitet enn kva ei kvantitativ tilnærming gjere. Ulempa med denne metoden er at den er tid- og ressurskrevjande, noko som gjer at forskaren må nøye seg med få respondentar. Få respondentar kan føre til at undersøkingas validitet vert svekka.

Ved ei kvantitativ tilnærming hentar ein svar i form av tal. Dette kan til dømes gjerast gjennom ei spørjeundersøking. Dei som undersøkast vert kalla einingar, medan det som undersøkast vert kalla variablar (Johannessen et al., 2011: 257). Ved bruk av denne metoden kan forskarar samle inn mykje data på kort tid, som vidare kan analyserast ved bruk av statistiske teknikkar. Ein anna fordel er at ein kan nå ut til mange respondentar, noko som styrkar undersøkingas validitet. Ved bruk av kvantitative metodar får ikkje forskaren den same personlege nærleiken til respondenten som ein ville fått ved bruk av kvalitative metodar, som til dømes intervju. Difor kan ikkje undersøkinga vera for kompleks og ein må på førehand definere kva som er relevant å spørje om (Johannessen et al, 2011).

4.2 Kvantitativ tilnærming; spørjeskjema

Ein av dei mest føremålstenlege måtane å samle inn kvantitative data på er bruk av eit spørjeskjema. Spørjeskjema med faste svaralternativ er føremålstenleg av fleire grunnar. For det fyrste gjev bruk av faste spørsmål og svaralternativ ein standardisert mal der ein kan sjå på likskapar og variasjonar i måten respondentane svarar på. Ei slik standardisering gjev også moglegheiter til å generalisera resultatata frå utval til populasjon. Ein annan fordel med bruk av spørjeskjema er at ein kan samle inn mykje data frå mange respondentar på kort tid. Dermed kan ein, gjennom statistiske analysar, undersøke samanhengar mellom fenomen (Johannessen et al., 2011: 277).

Data som vert samla inn ved hjelp av spørjeskjema, kan ikkje utan vidare reknast som objektive og pålitelege. Spør ein om konkrete opplysningar som alder, sivil status og utdanning vil ein få eit påliteleg svar. Respondentane kan svara på andre spørsmål som dei vil, og svara er avhengig av måten spørsmåla vert tolka (Johannessen et al., 2011: 277).

Det er ei vanleg oppfatning at spørjeskjema er enkle å lage, men dette er ikkje naudsynt tilfelle, seier Johannessen et al. Spørjeskjema må utformast slik at spørsmåla belyser undersøking si problemstilling. Konkrete spørsmål gjer at det vert lettare å svare og dette gjev undersøkaren detaljert informasjon som er lett å tolke. Eit spørjeskjema kan strukturast på ulike måtar. Til dømes kan ein ha oppgjevne svaralternativ på alle spørsmåla. Dette vert skildra som eit "prekoda" eller "prestrukturert" skjema. Slike

skjema er lette å svare på, men ulempa er at ein ikkje klarar å fange opp informasjon utover dei gitte spørsmåla og alternativa. Respondentar kan også få moglegheita til å skrive ned svar på eiga hand ved bruk av "opne spørsmål". Slike spørsmål er aktuelt å bruke dersom ein skal undersøke eit lite kjent fenomen, der det kan vera vanskeleg å lage svarkategoriar. Bruk av opne spørsmål krev gode formuleringar av spørsmål og ein må vera observant på at desse svara ikkje kan generaliserast på same måte som ved prekoda spørsmål. Prekoda- og opne spørsmål kan også kombinerast i eit såkalla "semistrukturert spørjeskjema" (Johannessen et al., 2011: 279).

4.3 Val av metode

I undersøkinga av dei frivillige si motivasjon kunne eg brukt intervju, men eg ser på det som mest føremålstenleg å nytte ei spørjeundersøking. Dette grunngjev eg ved at ei 15. studiepoengsoppgåve krev ei effektiv gjennomføring, både med tanke på tid og ressursar. Ved hjelp av faste spørsmål og svaralternativ får eg standardiserte svar tilbake frå respondentane. Då kan eg sjå på likskapar og variasjonar i måten respondentane svarar på. Ved å nytte spørjeundersøking som metode fekk eg også samla inn data frå mange individ på kort tid. Hadde eg brukt intervju, ville dette tatt betydeleg lenger tid. Ei av ulempene ved å nytte spørjeundersøking som metode er at eg ikkje klarar å fange om andre motivasjonsmotiv blant respondentane enn dei eg sjølv har formulert i undersøkinga.

Eg valde å gjennomføre spørjeundersøkinga mi (sjå vedlegg 1.) gjennom programmet Google Forms⁵. Undersøkinga bestod av 24 spørsmål og tok om lag 10 minutt å svare på. Ved tre av spørsmåla nytta eg skalaer, der respondentane markerte det området på skalaen som viste til deira oppfatning. Dette gav respondentane ein moglegheit til å nyansere svaret sitt.

Utval

Spørjeundersøkinga mi vart sendt ut til 90 personar, fordelt på dei tre Røde Kors-laga Odda, Tyssedal og Røldal. Dette utgjer alle dei aktive medlemmene i dei tre laga. Eg sendte undersøkinga til leiarane av lokallaga, som vidareførte lenkja til medlemmene

⁵ <https://www.google.com/forms/about/>

sine. Til slutt enda eg opp med 29 respondentar, som gav ein svarprosent på 32 %. Ein høgare svarprosent ville sjølvsagt vore ynskjeleg, men eg er nøgd med at så mange tok seg tida til å svare.

Spørjeundersøkinga

I følgje Johannesen et al. skal oppgåvas problemstilling danne utgangspunktet for utforminga av spørjeskjemaet. Spørsmåla må formulerast slik at dei belyser problemstillinga. Eg har nytta masteroppgåva *Motivasjon for frivillig arbeid – En spørreundersøkelse blant frivillige leksehjelpere i Oslo* (Bøckmann, 2007) som ein inspirasjon i utforminga av mitt eget spørjeskjema og det er mogleg at det visar att i denne delen av oppgåva.

Spørjeundersøkinga mi er delt inn i tre delar. Den første delen omhandlar kartlegginga av motivasjonsfaktorane blant dei frivillige. Deretter kjem innsamlinga av bakgrunnsinformasjonen til respondenten, før undersøkinga avsluttar me nokon spørsmål knytt direkte opp mot turisteksplosjonen i Odda Kommune.

Eg har prøvd å gjere formuleringane av spørsmåla så enkle og lite leiande som mogleg. Her fekk eg hjelp av leiaren i det eine korpset, som tok undersøkinga på førehand og gav meg ei tilbakemelding på dette. Dette vert kalla for ei "prestudie" (Johannesen et al., 2011 :292).

Eg skal no kort gå gjennom dei ulike spørsmåla i undersøkinga (sjå vedlegg 1.)

Spørsmål 1 - År i korpset: Dette spørsmålet er med for å sjå om fartstida i korpset påverkar motivasjonen på noko som helst måte.

Spørsmål 2 - Tidsbruk: Det er interessant å sjå på kor mykje tid ein frivillig brukar på Røde Kors i månaden, samt korleis dette varierer blant dei frivillige.

Spørsmål 3 - Motivasjon for frivillig arbeid: Dette spørsmålet er sentralt i forhold til problemstillinga mi. Respondentane skal her rangere ulike motivasjonsfaktorar frå 1= *ikkje viktig* til 5= *svært viktig*. Ved dette spørsmålet er det hensiktsmessig å vise til ei kategorisering av motivasjonsmotiva, for å peike på kva teori som heng saman med dei ulike spørsmåla.

Dei påfølgande motivasjonsmotiva er kategorisert som *egoistiske*. Batson et al. seier at egoistisk motivert frivillig arbeid dreier seg om å handle til fellesskapets beste basert på eigeninteresse. Om ein egoistisk motivert frivillig kan oppnå sine mål utanfor fellesskapet, så betyr ikkje naudsynt fellesskapet noko lenger for denne personen (Batson et al., 2002.).

3.b Eg oppnår annerkjennelse for min frivillige innsats

3.f Eg likar spenninga

3.h Eg ser på frivillig arbeid som ein hobby

3.n Det er bra å ha ein attest på at ein har arbeida frivillig

3.q Eg ynskjer å sjå på meg sjølv som eit godt menneske

Den nesten kategorien har eg valt å kalle *sosial gruppe*. Ei sosial gruppe vert av Kaufmann og Kaufmann definert som; "*sosial eining der medlemmene påverkar kvarandre gjensidig og har felles interesser over tid*" (Kaufmann & Kaufmann, 2015: 325).

3.c har nære samanhengar til personlig identitet, som er definert som ei subjektiv oppfatning av kven og korleis man er. Ei gruppe kan vera avgjerande for den subjektive meistringkjensla og kan fungera som ein trygg base for eit individ. Denne basen bidreg til å fremje eit individs identitet og sjølvfølelse, og individa vil ofte definere seg sjølv gjennom deira tilhøyrslar til slike grupper. Sosiale grupper er med andre ord ei kjelde til ros, status og vennskap (Kaufmann & Kaufmann, 2015: 329). Difor tek eg også med 3.a, 3.d og 3.e i denne kategorien.

3.a Eg ynskjer meg eit større sosialt nettverk

3.c Eg føler meg meir tydingsfull når eg arbeider som frivillig

3.d Eg får nye venner gjennom frivillig arbeid

3.e Sjølvtiliten min aukar

Deltaking i eit fellesskap har sin pris og medlemmene vil bli pålagt restriksjonar av fellesskapet. Åtferda til eit medlem kan bli gjenstand for negative sanksjonar. Dette er fordi gruppa har *felles normer*. Felles normer vert utvikla fordi gruppa har felles interesser og mål over lenger tid. Desse fungerer som gruppas spelereglar, og består av påbod og forbod om nærmare definerte handlingar og åtferdsformer. Det er naturleg å

tenke seg at felles normer spelar ei rolle i eit individs motivasjon for frivillig arbeid. 3.j og 3.l kan også ha samanheng til dei frivillige sine primær- og sekundærgrupper.

3.j Eg føler sterke forventningar frå folk rundt meg til å bidra

3.k Eg ynskjer at andre skal sjå på meg som god

3.l Folk som står meg nær har oppfordra meg til å bidra

Dei neste motivasjonsmotiva har samanheng med teoriane om *sosial kapital og nettverk & ressursar*. Både Schiefloe og Wollebæk & Segard legg fram teoriar om at deltaking i eit nettverk kan vera motivert av at det gjev individa tilgang på ulike ressursar. Gjennom relasjonar til andre kan ein få hjelp og støtte og ein kan få, byte og låne materielle godar, pengar og tenester. Frivillig deltaking kan bidra til at ein får hjelp av andre ved at dei opnar dører, legger inn gode ord eller påverkar andre slutningstakarar, som til dømes nye arbeidsgivarar. Wollebæk og Segard fokuserer på ein tosidig dimensjon ved den individuelle nytta av sosial kapital. Blant anna kan eit individ skaffe seg fordelar og tilgang til andre kapitalformar gjennom nettverk.

3.g Eg tilegnar meg nye erfaringar og kunnskap

3.i Som frivillig lærer eg ting gjennom praktisk erfaring

3.m Eg får erfaringar som kan vær til fordel i arbeidslivet

3.r Eg får kontaktar som kan være nyttige seinare

Dei neste motivasjonsmotiva er knytt opp mot teorien om *altruisme*. Altruisme er definert som vilja til å handle til det beste for andre, sjølv om resultatet ikkje naudsynt gagnar ein sjølv.

3.o Eg ynskjer å gjere noko godt for samfunnet vårt

3.p Eg ynskjer å redusere ulikskaper i samfunnet vårt

3.s Eg ynskjer å vise medkjensle med dei som har det verre enn meg

Spørsmål 4 - Skildring av faktorar: Her gav eg respondentane eit utval faktorar som dei skulle skildre frå passas 1= *svært dårleg* til passas 5= *svært bra*, ut i frå deira oppfatning av frivillig arbeid.

Spørsmål 5 og 6 - Eit ynskje om å delta meir: Dette spørsmålet er tatt med for å sjå om dei frivillige ynskjer å delta meir, og eventuelt kva som hindrar dei i å gjere dette.

Spørsmål 7 - Påstandar: Ved dette spørsmålet stiller eg seks påstandar om frivillig deltaking. Respondentane svarar om dei er 1= svært ueinig til 5= svært einige i påstandande. I innleiinga viste eg til at den individuelle velstandsveksten i Noreg har ført til at nordmenn i større grad har råd til å betale seg ut av vanskelege og slitsame situasjonar. Den første påstanden stiller spørsmål om den frivillige heller ville donert pengar enn å delta i frivillig arbeid. Ein liknande påstand går på om dei respondentane ville ha delteke meir, viss dei fekk betalt for det. Er løn ei kjelde til motivasjon i denne samanhengen eller ville det ført til svekka motivasjon. Tre av påstandane i dette spørsmålet tek sikte på og finne ut om dei frivillige si tilhøyrsla til organisasjonen Røde Kors og sitt lokale korps, og om denne tilhøyrsla er ein motivasjonsfaktor. Batson et al. lanserte egoisme som ein motivasjonsfaktor for samfunnsdeltaking. Difor har eg også med ein påstand om at respondentane kjem til å nytte erfaringane frå frivillig arbeid på ein framtidig cv. Denne påstanden kan indikere at nokon frivillige nyttar frivillig arbeid som eit middel for å oppnå noko av eigeninteresse.

Spørsmål 8 til 19 - Bakgrunnsinformasjon: Desse variablane er plukka ut med tanke på kva som kan påverke respondentens motivasjon for frivillig arbeid. I tillegg er det hensiktsmessig å danne seg eit bilete av utvalet.

Spørsmål 20 til 24 - Turisteksplosjonen i Odda Kommune: Her stiller eg eit utval av spørsmål som går på den siste tidas auke i turistar som besøker Odda Kommune. Mi hensikt med dette er å finne ut om denne belastninga påverkar dei frivillige sin motivasjon for deltaking og om dette eventuelt har samanheng med talet på aksjonar.

4.4 Etikk

I følgje Johannesen et al. dreiar etikk seg om prinsipp, reglar og retningslinjer for vurdering av om handlingar er riktige eller gale. I likskap med all anna verksemd i samfunnet, gjeld slike reglar og retningsliner også for forskingsverksemd. Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora (NESH) har vedteke nokre

forskingsetiske retningslinjer. Desse kan, i følgje Johannessen et al. (2011: 95-96) samanfattast i tre typar omsyn som ein forskar må tenke gjennom;

1. Informatanes rett til å sjølv bestemme og autonomi
2. Forskarens plikt til å respektere informatens privatliv
3. Forskarens ansvar for å unngå skade

Alle respondentane som svarte på undersøkinga mi var heilt anonyme og ingen av svara kan sporast tilbake til vedkommande. Resultata i denne oppgåva er formidla i anonymisert form og kan ikkje tilbakeførast til enkeltpersonar. Ingen av respondentane vart tvungne til å svare og alle kunne på kva som helst tidspunkt trekke seg frå undersøkinga.

4.5 Reliabilitet

Reliabilitet vert definert som pålitelegskap (Johannessen et al., 2011: 44). Dette greipet knyter seg til nøyaktigheit av undersøkinga si data, kva data som brukast, den måten data vert samla inn på, og korleis data vert tilarbeidd. Det er viktig å tenke på om det var noko med undersøkinga som påverka resultata i den eine- eller andre retninga. Det at eg sjølv er medlem av Røldal Røde Kors har både fordelar og ulemper. Den viktigaste fordelan er at eg og organisasjonen har kjennskap til kvarandre. Mange av respondentane kjenner meg frå før og dette er ein tillitsforsterkande faktor. Ei ulempe med dette er at fokuset mitt kan bli for smalt. Som aktivt medlem har eg tydelege forventingar til kva utvalet svarar på undersøkinga. Eg sit også med visse inntrykk av organisasjonen, noko ein nøytral forskar ikkje ville sete med på førehand.

Ein annan svakheit med denne undersøkinga er at man i Google Forms får moglegheita til å ta undersøkinga på nytt når den er fullført. Ut i frå dei data eg har samla inn, så trur eg ikkje nokon har tatt undersøkinga to gonger, men respondentane kunne gjort dette. Det at alle respondentane er anonyme verkar positivt inn på dei innsamla data sin reliabilitet. Ei anonymisering gjev respondentane tryggleik til å svare på spørsmåla utan ei kjensle av at nokon vurderer deira svar særskilt.

4.6 Validitet

Omgrepet validitet tyder gyldigheit (Johannesen et al., 2011: 73). Omgrepsvaliditet handlar om forholdet mellom det generelle fenomenet som undersøkast, og dei konkrete data. Forskarar er ute etter valide, altså gode, representasjonar av det generelle fenomenet. I mitt tilfellet er det godt samsvar mellom det generelle fenomenet (motivasjon i Røde Kors) som undersøkast og dei konkrete data. Dette er fordi respondentane har fått spørsmål om kva som motiverer dei. Det er alltid vanskeleg å seie noko om heile populasjonen. I denne oppgåva vil heile populasjonen vera alle medlemmene i dei tre korpsa. Ein veikskap i mi oppgåve er at dei tre korpsa ikkje er avskilt i undersøkinga. Til dømes kan medlemmene i eit av dei tre korpsa bli motivert av noko anna enn dei to andre, utan at eg finn ut av det. I tillegg kan ein aldri vete om respondentane har svart 100 % ærleg på spørsmåla mine. Med andre ord kan eg ikkje garantere at oppgåva mi fyller dei høgaste krava om validitet.

4.7 Samanfatning


Eg valde å nytte ei spørjeundersøking til å samle inn data til oppgåva mi. Spørjeundersøkinga inneheld faste spørsmål og svaralternativ (sjå vedlegg 1.). Dette gav meg standardiserte svar tilbake frå respondentane, som eg nytta til å sjå på likskapar og variasjonar i måten respondentane svara på. I tillegg gav denne metoden meg moglegheita til å samle inn data frå mange respondentar på kort tid. Til slutt enda eg opp med 29 respondentar, som gav meg ein svarprosent på 32 %. I neste kapittel skal eg gå igjennom resultata av undersøkinga.

5.0 Resultat og drøfting

I dette kapitlet legg eg fram resultatane av spørjeundersøkinga. Til slutt i kapitlet kjem ei oppsummering av dei viktigaste funna.

5.1 Utvalet


Av dei 29 som svara på undersøkinga mi var 18 menn og 11 kvinner. Menn utgjør dermed 62 % av respondentane, medan kvinner utgjør 38 %. I undersøkinga har eg ikkje spurt om spesifikk alder, men utvalet er delt inn i aldersgruppene 0-19, 20-25, 26-40 og 41-60. Hovudvekta av respondentane finn me i aldersgruppene 26-40 og 41-60.



Figur 5-1 Aldersfordeling

19 av respondentane oppgjev at dei er gift, har sambuar eller har kjærast. Av desse har 11 barn. Dei resterande 10 er single, og av desse har to respondentar barn. Til saman består utvalet av 13 stykk med barn og 16 stykk utan.

Majoriteten av utvalet, 62 %, har høgare utdanning. 14 % har yrkesfagleg bakgrunn, 10 % har fullført 3-årig vidaregåande skule, medan ein respondent har 10-årig grunnskule. 10 % svara *anna* på dette spørsmålet og her vart til dømes fagskule oppgitt.



Figur 5-2 Utdanning


I utvalet finn me 24 stykk med fast jobb, ein med deltidsjobb, tre er studentar med deltidsjobb og ein er student utan jobb. Dei med fast jobb arbeider i gjennomsnitt 37,25 timar i veka, medan studentane med deltidsjobb arbeider i gjennomsnitt 22,33 timar i veka. Ein i utvalet er arbeidsledig student og ein jobbar deltid 20 timar i veka.

76 % av utvalet er oppvaksne i Odda kommune. Av desse svarte 91 % av dei har eit tilfredsstillande sosial nettverk. 80 % av dei som er oppvaksne i nærområde hadde vener i korpset sitt før dei sjølv starta. 30 % hadde eit eller fleire familiemedlemmer i laget før dei sjølv meldte seg inn.

6,9 % av utvalet har sjølv fått hjelp av Røde Kors sine tenester.


5.2 Innsats i Røde Kors

Utvalet mitt har i gjennomsnitt vore medlem av Røde Kors i 13,9 år, men her er variasjonane store. Den respondenten med lengst fartstid i organisasjonen har vore medlem i 42 år, medan to i utvalet har eit år som medlem. Som ein kan sjå i figur 5-3, så aukar år i organisasjonen lineært med aldersgruppene. Dei yngste har vore med kortast tid, medan dei eldste har lengst fartstid. Dette er etter mitt syn ei veldig naturleg utvikling.




Figur 5-3 År som medlem av Røde Kors

41 % av dei frivillige i utvalet brukar mellom 11 og 20 timar av si eiga fritid på Røde Kors i månaden. Om lag 20 % av utvalet brukar enten 1-2 timar eller 6-10 timar. 6,9 % legg ned mellom 21 og 30 timar. Dei siste 6,9 % brukar over 40 timar i månaden på frivillig arbeid i sin Røde Kors organisasjon. Mennene i utvalet brukar i gjennomsnitt 16,8 timar i månaden, medan kvinnene brukar 9,2 timar.



Figur 5-4 Timar i månaden brukt på Røde Kors

5.3 Rangering av eigen motivasjon for frivillig arbeid



Figur 5-5 Rangering av eigen motivasjon for frivillig arbeid

Sosial gruppe

3.a Eg ynskjer meg eit større sosialt nettverk

3.c Eg føler meg meir tydingsfull når eg arbeider som frivillig

3.d Eg får nye venner gjennom frivillig arbeid

3.e Sjølvtiliten min aukar

| | Gjennomsnitt | Standardavvik |
|----|--------------|---------------|
| a. | 3,38 | 1,35 |
| c. | 3,45 | 1,27 |
| d. | 3,90 | 1,08 |
| e. | 3,45 | 0,94 |

I kategorien sosiale grupper rangerer 45 % av utvalet både 3.a) *Eg ynskjer meg eit større sosialt nettverk* og 3.c) *Eg føler meg meir tydingsfull når eg arbeider som frivillig som*

"4=litt viktig", medan 17 % rangerer påstandane til "5=svært viktig". Det vil sei at 62 % synes desse er litt viktig eller svært viktig. 3.d) *Eg får nye venner gjennom frivillig arbeid* er ein av dei få motivasjonsmotiva som ikkje vert rangert som "1=ikkje viktig" av nokon. 38 % av utvalet rangerer denne som "4=litt viktig", medan 35 % rangerer påstanden som "5=svært viktig". Den siste påstanden i denne kategorien, 3.e) *Sjølvtilliten min aukar*, heller også mot å vera viktig. Her svarar 35 % "3=verken eller", medan 41 % svarar "4=litt viktig" og 6,9 % rangerer denne påstanden til "5=svært viktig"

Felles normer/deltaking i eit fellesskap

3.j) *Eg føler sterke forventningar frå folk rundt meg til å bidra*

3.k) *Eg ynskjer at andre skal sjå på meg som god*

3.l) *Folk som står meg nær har oppfordra meg til å bidra*

| | Gjennomsnitt | Standardavvik |
|----|--------------|---------------|
| j. | 2,86 | 1,33 |
| k. | 2,72 | 1,16 |
| l. | 2,45 | 1,30 |

3.j) *Eg føler sterke forventningar frå folk rundt meg til å bidra* scorar høgast på "3=verken eller" med 41 % og 35 % av utvalet rangerer påstanden som "1=ikkje viktig" eller "2=lite viktig". Majoriteten av utvalet rangerer påstandane 3.k) *Eg ynskjer at andre skal sjå på meg som god* og 3.l) *Folk som står meg nær har oppfordra meg til å bidra* til "3=verken eller", "2=lite viktig" eller "1=ikkje viktig".

Altruisme

3.o Eg ynskjer å gjere noko godt for samfunnet vårt

3.p Eg ynskjer å redusere ulikskaper i samfunnet vårt

3.s Eg ynskjer å vise medkjensle med dei som har det verre enn meg

| | Gjennomsnitt | Standardavvik |
|-----------|--------------|---------------|
| o. | 4,24 | 1,06 |
| p. | 3,10 | 1,05 |
| s. | 3,52 | 1,27 |

Ved påstandane knytt opp mot altruisme, vilja til å handle til det beste for andre, viste utvalet ulike meiningar. På påstanden *3.o) Eg ynskjer å gjere noko godt for samfunnet vårt* rangerte 89 % av utvalet denne til "4=litt viktig" eller "5=svært viktig". Dette er altså ei viktig kjelde til motivasjon. Påstand *3.s) Eg ynskjer å vise medkjensle med dei som har det verre enn meg* var ikkje like eintydig, men også denne scora høgast på "4=litt viktig" og "5=svært viktig" med totalt 59 %. Utvalet var meir delte i synet på påstand *3.p) Eg ynskjer å redusere ulikskapar i samfunnet vårt*. Her rangerte 21 % påstanden til "1=ikkje viktig" eller "2=lite viktig", 45 % rangerte påstanden til "3=verken eller" og 34% av respondentane rangerte denne til "4=litt viktig" eller "5=svært viktig".

Egoistiske motivasjonsmotiv.

3.b Eg oppnår annerkjennelse for min frivillige innsats

3.f Eg likar spenninga

3.h Eg ser på frivillig arbeid som ein hobby

3.n Det er bra å ha ein attest på at ein har arbeida frivillig

3.q Eg ynskjer å sjå på meg sjølv som eit godt menneske

| | Gjennomsnitt | Standardavvik |
|----|--------------|---------------|
| b. | 2,55 | 1,21 |
| f. | 4,03 | 0,87 |
| h. | 4,17 | 0,80 |
| n. | 3,07 | 1,33 |
| q. | 3,59 | 1,05 |

I mi kategorisering la eg fram fem påstandar som er knytt til egoistiske motivasjonsmotiv. Med det meinte eg at frivillig arbeid kunne vore erstatta av andre aktivitetar utan at det hadde gått ut over motivasjonen til respondenten. Påstand *3.b) Eg oppnår annerkjennelse for min frivillige innsats* vert rangert til enten "1=ikkje viktig" eller "2=lite viktig" av 55 % av utvalet. 21 % rangerer denne påstanden til "3=verken eller". Denne påstanden har med andre ord lite betyding for motivasjonen til dei frivillige. Ved påstand *3.n) Det er bra å ha ein attest på at ein har arbeida frivillig* var utvalet splitta i sitt syn med 31 % som rangerte den til "3=verken eller". Likevel rangerte 41 % denne til "4=litt viktig" eller "5=svært viktig". Ved dei tre andre påstandane var rangeringane meir eintydige. Både *3.f) Eg likar spenninga*, *3.h) Eg ser på frivillig arbeid som ein hobby* og *3.q) Eg ynskjer å sjå på meg sjølv som eit godt menneske* vert rangert til "4=litt viktig" eller "5=svært viktig" av høvesvis 79 %, 76 % og 63 %. Dette støttar opp om Batson et al. sin teori om at motivasjon innan frivillig arbeid kan vera egoistisk motivert. Det vil sei at nokon handlar til fellesskapet sitt beste basert på eigeninteresse og frivillig arbeid i Røde Kors vera eit middel for dette.

Sosial kapital – nettverk og ressursar

3.g Eg tilegnar meg nye erfaringar og kunnskap

3.i Som frivillig lærer eg ting gjennom praktisk erfaring

3.m Eg får erfaringar som kan vær til fordel i arbeidslivet


3.r Eg får kontaktar som kan være nyttige seinare

| | Gjennomsnitt | Standardavvik |
|-----------|--------------|---------------|
| g. | 4,45 | 0,99 |
| i. | 4,34 | 0,97 |
| m. | 3,86 | 1,16 |
| r. | 3,45 | 1,24 |

Utvalet var veldig tydelige på motiva knytt opp mot sosial kapital og nettverk & ressursar. *3.g) Eg tilegnar meg nye erfaringar og kunnskap, 3.i) Som frivillig lærer eg ting gjennom praktisk erfaring, 3.m) Eg får erfaringar som kan vær til fordel i arbeidslivet og 3.r) Eg får kontaktar som kan være nyttige seinare* vart rangert til "4=litt viktig" og "5=svært viktig" av høvesvis 89 %, 89 %, 79 % og 55 % av respondentane. Desse resultata støttar opp om både Schiefloe og Wollebæk & Segard sine teoriar om at deltaking i eit nettverk kan vera motivert av at det gjev individa tilgang på ulike ressursar. Gjennom relasjonar til andre kan ein få hjelp og støtte og ein kan få, byte og låne materielle godar, pengar og tenester. Ein frivillig si deltaking i Røde Kors kan bidra til at personen får hjelp av andre ved at dei opnar dører, legger inn gode ord eller påverkar andre slutningstakarar, som til dømes nye arbeidsgivarar.

Ved dette spørsmålet utarbeida eg også ein oversikt over motivasjonsmotiva ut i frå alder (sjå vedlegg 2.) og kjønn (sjå vedlegg 3.). Desse har eg valt å leggje som vedlegg, sidan dei ikkje utmerka seg på noko særskilt måte.

5.4 Skildring av frivillig arbeid



Figur 5-6 Skildring av frivillig arbeid

I spørsmål 4. bad eg utvalet om å rangere korleis ulike skildringar av frivillig arbeid passa for dei, frå "1=svært dårlig" til "5=svært godt".

Skildringane *givande* og *viktig* er dei to faktorane utvalet meiner passar best for å skildre frivillig arbeid i Røde Kors. Her skildrar 96 % av respondentane desse to som enten "4=godt" eller "5=svært godt". 93 % av utvalet meiner at skildringane *spanande* og *morosamt* passar "4=godt" eller "5=svært godt". 79 % meiner at *tilfredsstillande* passar enten "4=godt" eller "5=svært godt". Ingen i utvalet meinte at skildringane *givande*, *viktig*, *spanande*, *morosamt* eller *tilfredsstillande* passar dårlig.


Deprimerande var den skildringa utvalet meinte passa dårlegast. Her var det 83 % som meinte den passa enten "1=svært dårleg" eller "2=dårlig". Den skildringa som passa nest dårlegast var *skuffande* med 79 % i dei sama kategoriane. 21 % meinte skildringa *frustrerende* passa "4=godt", men fleirtalet på 52 % meinte den passa dårlig. Fleirtalet på 55 % meinte også at skildringa *utmattande* passa "1=svært dårlig" eller "2=dårlig", sjølv om 7 % meinte den passa "4=godt".

51 % meinte at skildringa *tidkrevjande* passa "4=godt" eller "5=svært godt". Dette kan ha ein samanheng med kor mykje tid respondenten brukar på Røde Kors i månaden. 65 % meinte også at Røde Kors arbeidet godt kunne skildrast som *utfordrande*, noko som både kan vera positivt og negativt. På same måte kan skildringa *lett*, der utvalet sin rangering varierte mykje, vera ein faktor som har samanheng med kor mykje dei enkelte deltek i frivillig arbeid.


5.5 Kvifor deltek ikkje dei frivillige meir?

I spørsmål 5. i spørjeundersøkinga spurte eg om dei frivillige ynskja å delta meir i sitt Røde Kors-lag. 55 % svarte ja, 24 % svarte nei og 21 % svarte veit ikkje. Dei som svarte at dei ynskja å delta meir deltek i gjennomsnitt 13,2 timar i månaden. Dei som svara nei har eit vesentleg høgare gjennomsnitt med 21,3 timar i månaden. Dei usikre som svara veit ikkje, deltar i gjennomsnitt 7,2 timar i månaden i sitt Røde Kors-lag.

Vidare fekk dei i utvalet som svara nei sjangsen til å sei kvifor dei ikkje ynskjer å delta meir (Sjå figur 5-9). Den hyppigast svarte faktoren var tid, etterfulgt av familie og jobb. Dårlig leiing, skule, kurs, krav og form (dette tolka eg som fysisk form) var andre grunnar som vart nemnt.



Figur 5-7 Ynskje om å delta meir



Figur 5-8 Timar I månaden

Familie

Tid

Jobb

Dårlig-ledelse
Krav Form

Kurs


Skule

Figur 5-9 Ordsky – spørsmål 6: kva hindrar deg i å delta meir?

| | JA | NEI | VEIT IKKJE |
|-----------------------|-----------|------------|-------------------|
| Frekvens | 16 | 7 | 6 |
| I prosent | 55% | 24% | 21% |
| År i korpset | 10,75 | 21,43 | 13,3 |
| Timar brukt i månaden | 13,22 | 21,3 | 7,2 |
| Arbeid i månaden | 30,83 | 39,21 | 35,52 |

Resultata viser at dei som ikkje ynskjer å delta meir i sitt korps har vore medlem lenger, og brukar i gjennomsnittet meir tid på korpset sitt, enn dei som ynskjer å delta meir. Samstundes jobbar dei som er negativt innstilt til meir frivillig arbeid fleire timar i den vanlege jobben sin, enn kva dei positivt innstilte gjere. Dette speglar ei naturleg samanheng med at dei som brukar mykje tid i korpset sitt ikkje har meir tid å avsjå til frivillig arbeid. Dette forsterkast av at dei som svara "veit ikkje" befinner seg mellom "ja" og "nei", målt i år i korpset og lønt arbeid i månaden.

5.6 Einighet i påstandar



Figur 5-10 Einighet i påstandar

I spørsmål 7. stilte eg seks påstandar om frivillig deltaking. Respondentane rangerte desse påstandane frå 1=svært ueinig til 5=svært einig.

1) Dersom det var mogleg, ville eg heller donert pengar enn å delta i frivillig arbeid

3) Dersom eg vart tilbuden pengar, ville eg ha jobba endå meir

5) Eg kjem til å nytte erfaringane mine i Røde Kors på ein framtidig CV

| | Gjennomsnitt | Standardavvik |
|----|--------------|---------------|
| 1. | 1,21 | 0,49 |
| 3. | 2,66 | 1,37 |
| 5. | 4 | 0,69 |

På påstand 1) *Dersom det var mogleg, ville eg heller donert pengar enn å delta i frivillig arbeid* svara over 80 % av utvalet svarte at dei var "1=svært ueinig". Det er med andre ord grunnlag for å tru at dette ikkje er aktuelt. På påstand 3) *Dersom eg vart tilbyd pengar, ville eg ha jobba endå meir* svara nesten 50 % av utvalet enten "1=svært ueinig" eller "2=delvis ueinig". Noko overraskande svarte over 30 % at dei var "4=delvis einig" eller "5=svært einig". Resultata viser altså at nokon frivillige hadde jobba meir dersom dei fekk betalt for det. På påstand 5) *Eg kjem til å nytte erfaringane mine i Røde Kors på ein framtidig CV* svara over 72 % svarte at dei var "4=delvis einig" eller "5=svært einig" på denne påstanden.

2) *Eg er stolt av å høyre til Røde Kors*

4) *Eg er oppteken av framtida til korpset mitt*

6) *Verdiane til Røde Kors organisasjonen er svært lik mine egne verdier*

| | Gjennomsnitt | Standardavvik |
|----|--------------|---------------|
| 2. | 4,66 | 0,67 |
| 4. | 4,48 | 0,69 |
| 6. | 4,07 | 0,7 |

Desse påstandane vart stilt med tanke på å sjå kva organisasjonstilhøyrslø respondentane viser til Røde Kors. På påstand 2) *Eg er stolt av å høyre til Røde Kors* svarte 89 % at dei var "4=delvis einig" eller "5=svært einig". Ingen rangerte denne påstanden til "1=svært ueinig" eller "2=delvis ueinig". Påstand 4) *Eg er oppteken av framtida til korpset mitt* vart rangert til "4=delvis einig" eller "5=svært einig" av over 96 % av utvalet mitt. Den siste påstanden, 6) *Verdiane til Røde Kors organisasjonen er svært lik mine egne verdier*, vart rangert til "4=delvis einig" eller "5=svært einig" av 79 % av utvalet.

Desse tre påstandane, knytt til organisasjonstilhøyrslø, viser seg å vera viktige for dei frivillige og støttar opp om fleire av teoriene nytta i denne oppgåva. Batson m.fl. sin teori om kollektivism som motivasjon har nær tilknytning til desse resultatane. Som eg skreiv i avsnitt 3.4 vil ein person som føler eit sterkt engasjement for det lokale Røde Kors korpset arbeide for å sikre framtida til denne gruppa.

Påstand mot KJØNN

| | Kvinne | Mann | Differanse |
|-----------|--------|------|------------|
| Frekvens | 11 | 18 | |
| I prosent | 38% | 62% | |
| Påstand 1 | 1,18 | 1,22 | 0,04 |
| Påstand 2 | 4,55 | 4,72 | 0,17 |
| Påstand 3 | 2,82 | 2,56 | 0,26 |
| Påstand 4 | 4,36 | 4,56 | 0,20 |
| Påstand 5 | 4 | 4 | 0,00 |
| Påstand 6 | 4,18 | 4 | 0,18 |

Som tabellen syner er det ingen grunnlag i mitt materialet for å påstå at kjønn har avgjerande tyding for kva utvalet svara på påstandane. Begge gruppene svarar relativt likt på alle påstandane.

Påstand mot ALDER

| | 0-19 | 20-25 | 26-40 | 41-60 |
|-----------|------|-------|-------|-------|
| Frekvens | 2 | 8 | 10 | 9 |
| I prosent | 6,9% | 27,6% | 34,5% | 31% |
| Påstand 1 | 1,5 | 1,37 | 1,2 | 1 |
| Påstand 2 | 5 | 4,63 | 4,3 | 5 |
| Påstand 3 | 3,5 | 2,37 | 3,4 | 1,89 |
| Påstand 4 | 5 | 4,5 | 4,2 | 4,67 |
| Påstand 5 | 5 | 3,75 | 4 | 4 |
| Påstand 6 | 4 | 4,13 | 3,8 | 4,33 |


Heller ikkje alder har avgjerande tyding for kva utvalet svara på påstandane. Det einaste ein kan merke seg er at den eldste gruppa er den som er mest "i mot" å få betalt for frivillig arbeid, utan at eg skal spekulere i kvifor det er slik.

5.7 Turisteksplosjonen i Odda Kommune

Utvalet mitt deltok i gjennomsnitt på ni aksjonar i 2016. Her er det store variasjonar på tvers av respondentane. Den frivillige med flest aksjonar deltok på 54 stk., medan sju av dei frivillige ikkje deltok på nokon aksjonar.


I gjennomsnitt deltok utvalet mitt på 6,2 aksjonar til Trolltunga. Også her er det store variasjonar, frå 37 aksjonar til 0 aksjonar.

31 % av utvalet svarte at dei har blitt meir motivert til frivillig arbeid som følgje av turisteksplosjonen i kommunen. 14 % svarte at dei var blitt mindre motivert og fleirtalet på 55 % svarte ingen forskjell.




Figur 5-11 Motivasjon som følgjer av Trolltunga

69 % av utvalet svarte at krava for å vera godkjent var akkurat passe. 24 % meinte dei var høge, medan 7 % av utvalet svarte at krava var for låge. Dei 24 % av utvalet som meinte at krava var for høge deltok i gjennomsnitt på 3,4 aksjonar i 2016. Dei to i utvalet som meinte krava var for låge deltok på høvesvis 32 og 54 aksjonar i 2016.



Figur 5-12 Dei frivillige si stilling til krava

Utvalet var svært splitta i synet på kor ansvaret for redningstenesta ligg. 48 % meinte at ansvaret ligg hos staten, medan 48 % meiner at dei frivillige organisasjonane har eit delt ansvar saman med kommune og stat. Dei resterande 4 % svarte "andre" på dette spørsmålet. Her var det ikkje moglegheit for vidare spesifisering.



Figur 5-13 Ansvaret for redningstenesta

5.8 Oppsummering

Godt over halvparten av utvalet mitt var menn og den største aldersgruppa var 26-40 år. Majoriteten av respondentane har høgare utdanning, fast jobb og er i eit forhold. Det at fleirtalet av utvalet har høgare utdanning heng bra saman med det teorien min poengterer; I avsnitt 2.4 viste eg til Wollebæk og Sivesind (2010), som sa at dagens organisasjonssamfunn er prega av aukande forskjellar, der sosiale forskjellar i samfunnet reproduserast. Blant anna peika dei på at personar med låg utdanning dett utanfor sivilsamfunnet. Eg har ikkje noko grunnlag for å sei om nokre grupper dett utanfor dei lokale Røde Kors-laga, men tendensen til at fleirtalet har høgare utdanning er interessant, fordi den speglar ei sosiale gruppe med tid og ressursar til å drive frivillig virke.

Dei frivillige karakteriserer eit typisk Røde Kors-lag. Nokre har nett starta, medan andre har vore medlem i ein mannsalder. Majoriteten av utvalet brukar mellom 11 og 20 timar på frivillig arbeid i månaden, men også her er det store variasjonar.

I kategorien *egoistiske motivasjonsmotiv* la eg fram fem påstandar knytt til egoisme. Her peika eg på Batson et al. (2002) sin teori om at egoistisk motivert frivillig arbeid dreier seg om å handle til fellesskapet sitt beste basert på eigeninteresse. For mange vil nok frivillig innsats vera tufta på egoistiske motivasjonsmotiv, men ikkje for alle. Dei egoistiske motivasjonsmotiva fekk blanda respons og det var vanskeleg å generalisere ut i frå desse svara.

I ein av kategoriane la eg vekt på Raaheim (2002) sin teori om *felles normer* og korleis desse fungerte som gruppas spelereglar, beståande av påbod og forbod om handlingar og åtferdsformer. Medlemmene kan bli pålagt restriksjonar og oppleve negative sanksjonar som følgje av at dei ikkje føl dei felles normene. Til dømes kan nær familie presse nokon til å gjere noko. Det eg var ute etter å finne ut av var om dei frivillige sin motivasjon er påverka av deira primær- og/eller sekundærgrupper og dei felles normene knytt til desse gruppene. Resultata var tydelege på at desse motiva ikkje var viktige for dei frivillige sin motivasjon, sjølv om heile 80 % av dei som var oppvaksne i Odda Kommune hadde vener i korpset før dei starta og 30 % hadde eit eller fleire familiemedlemmer i korpset før dei meldte seg inn.

Nesten 90 % av utvalet svarte at dei ynskjer å gjere noko godt for samfunnet vårt i kategorien *altruistiske* motivasjonsmotiv. Majoriteten meiner også at det å vise medkjensle med dei som har det verre enn seg er viktig. Dette støttar opp om Batson et al. (2002) sin teori om at nokon handlar til det beste for andre, sjølv om resultatane ikkje er eintydige.

I kategorien *sosial gruppe* la eg vekt på Kaufmann og Kaufmann (2015) sine teoriar om sosiale grupper og peika på ein samanheng mellom motivasjon, eit individs identitet og sosiale grupper som ei kjelde til ros, status og vennskap. Ut i frå resultatane kan me sei at desse motivasjonsmotiva er viktige for utvalet mitt si motivasjon for frivillig deltaking i Røde Kors. Dette heng godt saman med Kaufmann og Kaufmann sitt syn på sosiale grupper og deira betyding for individane.

Resultatane i kategorien *sosial kapital – nettverk og ressursar* støttar både Schiefloe (2015) og Wollebæk & Seggaard (2011) sine teoriar om at deltaking i eit nettverk kan være motivert av det gjev individane tilgang på ulike ressursar. Undersøkingane syner at dei frivillige ser på faktorar som erfaringsutveksling, kunnskapsdeling, praktisk læring og nettverksbygging som viktige. Alle påstandane i denne kategorien skåra høgt. Deltaking i eit nettverk av andre ressursar er, ut i frå mine resultat, ei viktig motivasjonskjelde for dei frivillige. Ein frivillig si deltaking i Røde Kors kan bidra til at personen får hjelp av andre ved at dei opnar dører, legger inn gode ord eller påverkar andre slutningstakarar, som til dømes nye arbeidsgivarar.

I avsnitt 5.6 *Einighet i påstandar* hadde eg tre påstandar knytt til dei frivillige si organisasjonstilhøyrse. Respondentane mine var svært einige i alle desse påstandane. Dei er stolte av å høyre til Røde Kors, dei er opptekne av framtida til korpset sitt og dei meiner at deira egne verdiar er svært like Røde Kors organisasjonen sine verdiar. Desse resultatane ynskjer eg å knytte opp mot Batson et al. (2002) sin teori om kollektivism som motivasjon. Denne teorien peikar på at kollektivism har som mål å auke velferda til ei gruppe eller eit kollektiv. Personar med eit sterkt engasjement for ei gruppe, vil handle for å forbetre velferda til denne gruppa. Personar med sterk tilhøyrse til Røde Kors vil handle til det beste for organisasjonen.

Resultata av Hopkinsundersøkinga (Wollebæk og Sivesind, 2010) viste at dei kollektive ideane i det norske organisasjonssamfunnet er svekke, noko som viste seg i blant anna svakare identifikasjon med enkeltorganisasjonar og mindre tidsbruk blant dei frivillige. Resultata mine støttar ikkje desse funna. Lorentzen (Frønes og Kjølrsrud, 2010) sine refleksjonar om at det sivile fellesskapet er med på å sosialisere oss til eit liv i det norske samfunn er meir passande. Frivillig deltaking i organisasjonar skapar tilhøyrslar, fellesskap og sosiale nettverk. Dette legg så grunnlaget for sosial kapital og tillit. Koplinga mellom teoriane om sosiale grupper, sosial kapital, nettverk & ressursar og kollektivismen kan sjåast på følgjande måte; I følgje Schiefloe (2015) har menneske eit godt utgangspunkt for å handtera fleire av utfordringane i livet dersom dei har gode, tillitsfulle og varige relasjonar til andre menneske. Slike relasjonar kan starte i eit Røde Kors-lag (sosial gruppe) og fungerer som ein trygg base for frivillige. Ein slik base bidreg til å fremje dei frivillige sin identitet og sjølvfølelse. Sosiale grupper er, som Kaufmann og Kaufmann (2015) seier, ei kjelde til ros, status og venskap. Gjennom venskap skapar dei frivillige seg sosiale nettverk, basert på tillit. Kombinasjonen av nettverk og tillit mellom individa mogeleggjir ikkje-tvangsbaserte kollektive handlingar. Deltaking i nettverk gjev også individa tilgang til ulike ressursar. På den eine sida kan ein få, byte og låne materielle godar, pengar eller tenester. På den andre sida gjev nettverk trøst og omsorg når ein er i vanskelege situasjonar. Når dei frivillige organisasjonane kan tilby dei frivillige så mykje, så er det naturleg at det oppstår ei organisasjonstilhøyrslar. Dersom dei frivillige føler ei sterk tilhøyrslar til Røde Kors, vil dei handle til det beste for å forbetre velferda til organisasjonen. Dette heng saman med Batson et al. (2002) sin teori om kollektivismen som motivasjon.

Eit anna resultat av den kjende Hopkinsundersøkinga (Wollebæk og Sivesind, 2010) var at frivillig innsats i langt større grad har blitt eit sjølvrealiseringsprosjekt, som handlar om føle seg verdsett og viktig. Instrumentelle faktorar som til dømes nettverksbygging er langt viktigare. Dette kan eg sei meg einig i, basert på mine resultat. For mange vil nok frivillig innsats være basert på egoisme og eiga nytte, men dette treng ikkje å være noko negativt. Egoisme fremjar innsats, og det er nettopp innsats dei frivillige organisasjonane treng. Dei egoistiske motivasjonsmotiva i mi undersøking fekk blanda respons. Når ein ser resultata på dei egoistiske motivasjonsmotiva i samanheng med den sterke tilhøyrsla til organisasjonen Røde Kors, så synst eg ikkje det er grunn til å frykte

eit meir aktivitetsbasert sivilt samfunn.

I eit av spørsmåla spurte eg om dei frivillige ynskja å delta meir. Her fann eg ein samanheng der dei som brukar mykje tid i korpset sitt ikkje har meir tid å avsjå til frivillig arbeid, medan dei som brukar mindre tid ynskjer å delta meir. Tid, familie og jobb var dei tre tinga som hindrar dei frivillige i å delta meir i frivillige organisasjonar.

I siste del av undersøkinga var eg interessert i å finne ut om turisteksplosjonen til Trolltunga har påverka dei frivillige sin motivasjon. Majortiteten av utvalet mitt svara at denne auken i turisme ikkje har hatt noko negativ verknad på deira motivasjon. Berre eit fåtal svara at dei var blitt mindre motivert. Sjølv om belastninga er stor på dei lokale korpsa, så ser det ikkje ut som at det påverkar motivasjonen til innsats mellom dei frivillige.

6.0 Konklusjon

Hensikta med denne oppgåva var å kartlegge kva som motiverer medlemmene i Røde Kors-laga i Odda kommune til frivillig deltaking. Gjennom ei spørjeundersøking har eg samla inn data for å sei noko om nettopp dette. Eg viser igjen til problemstillinga mi.

"I lys av den aukande turiststraumen til Odda Kommune, kva motiverer medlemmene i dei lokale Røde Kors-laga til og leggje ned mange timar med ubetalt arbeid for å hjelpe andre?"

Både dei *egoistiske*- og *altruistiske* motivasjonsmotiva oppnådde blanda resultat. Nokre av påstandane i kvar kategori er veldig viktige for dei frivillige. Til dømes er det at frivillig arbeid gjev ei spenning ei viktig kjelde til motivasjon. Det å oppnå vedkjenning for det frivillige arbeidet var ikkje særleg viktig. Utvalet mitt var samde om at det er viktig for dei å gjere noko godt for samfunnet vårt og vise medkjensle med dei som har det verre enn seg sjølv. Dette tyder på at ein altruistisk grunntanke er sentral.

Dei tre kategoriane som utpeika seg klarast var *sosial gruppe*, *sosial kapital – nettverk og ressursar* og *organisasjonstilhøyrsl*. Gjennom frivillig arbeid får dei frivillige sjansen til å byggje eit større sosialt nettverk, få nye vener og føle seg meir tydingsfulle, samstundes som sjølvtiliten deira aukar. Som ein del av ei sosial gruppe og gjennom praktisk erfaring, får dei frivillige sjansen til å tileigne seg nye erfaringar og kunnskap. Dette er kunnskap og erfaringar som dei kan nytte seinare, til dømes i arbeidslivet. I tillegg ser det ut som mykje av denne kunnskapen blir verande i Røde Kors. Tilhøyrsla til organisasjonen skårar høgast av alt.

Fokuset i denne oppgåva har frå starten av handla om turisteksplosjonen til Trolltunga i Odda kommune. Resultata av denne undersøkinga viser at det store fleirtalet av dei frivillige ikkje har blitt mindre motivert av den auka belastninga.

6.1 Vidare forskning

Dei siste månadane har fokuset mitt vært på dei lokale Røde Kors-laga og kva som motiverer desse medlemmene til frivillig deltaking. Dersom eg hadde hatt meir tid til rådvelde ville eg forsøkt å gå meir i djupna av dette teamet. Til dømes ville det vært særst interessant å intervjuje dei personane i Røde Kors-laga som har opplevd den verste belastninga i samband med turistauken i kommunen. Det kunne også vore interessant og sett på motivasjon til frivillig deltaking i andre frivillige organisasjonar enn Røde Kors.

Det er nok av problemstillingar å ta fatt på i samband med temaet friviljugheit. Eg vil påstå at dette temaet har moglege problemstillingar som ikkje berre knyter seg til LOS-retninga innanfor økonomi og administrasjon. Eit anna interessant perspektiv på ei oppgåve knytt til friviljugheit ville vore å sett på den samfunnsøkonomiske nytta av det frivillige arbeide

Litteraturliste

- Batson, C.D., Ahmad, N. & Tsang, J.A. (2002). *Four Motives for Community Involvement*. Journal of Social Issues, Vol. 58, No. 3, ss. 429-445. Henta frå <http://www.baylor.edu/content/services/document.php/25043.pdf>
- Braut, G.S. (2015, 24.mars). *Norges Røde Kors. I Store norske leksikon*. Henta 5.mai 2017 frå https://snl.no/Norges_Røde_Kors
- Bøckman, J.B. (2007). *Motivasjon for frivillig arbeid. En spørreundersøkelse blant frivillige leksehjelpere i Oslo Røde Kors*. (Mastergradsoppgave, Universitetet i Oslo). Henta frå <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/17405/MASTEROPPGAVE-JohanneB.pdf?sequence=2&isAllowed=y>
- Frivillighet Norge. (2016). *Frivillighet Norges frivillighetspolitiske plattform 2014 – 2019*. Henta 15.mars 2017 frå: http://www.frivillighetnorge.no/no/frivillighetspolitikk/frivillighetspolitisk_plattform/
- Frivillighet Norge. (u.å a). *Hva er frivillighet*. Henta 2.mai frå http://www.frivillighetnorge.no/no/om_oss/fakta_om_frivillighet/grunnleggende_fakta/Hva+er+frivillighet%3F.b7C_wlrI4x.ips
- Frivillighet Norge. (u.å b). *Nøkkelfakta om frivillighet*. Henta 5.mai frå http://www.frivillighetnorge.no/no/om_oss/fakta_om_frivillighet/grunnleggende_fakta/Nøkkelfakta+om+frivillighet.b7C_wlrKX5.ips
- Frønes, I, Kjølrsrud, L. (2010). *Det norske samfunn*. 6.utgave: 308-323. Oslo: Gyldendal Akademisk

- Hajum, I.C. (2015). *Frivillig arbeid: Egoistisk altruisme?* (Mastergradsoppgave, Universitetet i Agder). Henta frå <https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/299855/ME-509,%20Ingvild%20Christine%20Hajum.pdf?sequence=1>
- International committee of the red cross. (u.å.). *The International Red Cross and Red Crescent Movement*. Henta 2.mai frå <https://www.icrc.org/en/who-we-are/movement>
- Johannessen, A., Christoffersen, L., & Tufte, P.A. (2011). *Forskningsmetode for økonomisk-administrative fag*. Oslo: Abstrakt forlag
- Kaufmann, A., & Kaufmann, G. (2015). *Psykologi i organisasjon og ledelse*. Oslo: Fagbokforlaget
- Kirkevold, M. (2014, 10.juni). *Norges Røde Kors*. Henta frå: https://sml.snl.no/Norges_Røde_Kors
- Norges Røde Kors. (u.å. a). *Hjelpekorps*. Henta 29.april 2017 frå <https://www.rodekors.no/bli-frivillig/hjelpekorps/>
- Norges Røde Kors. (u.å. b). *Søk og redning*. Henta 29. april 2017 frå: <https://www.rodekors.no/vart-arbeid/sok-og-redning/>
- Nylenna, M. (2014, 10.juni). *Det Internasjonale Røde Kors. I Store medisinske leksikon*. Henta 5.mai 2017 frå https://sml.snl.no/Det_internasjonale_Røde_Kors
- Raaheim, A. (2002). *Sosialpsykologi*. Bergen: Fagbokforlaget
- Regjeringa – kulturdepartementet. (u.å). *Frivillighet*. Henta 15.mars 2017 frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/frivillighet/id1080/>
- Schiefloe, P.M. (2015). *Sosiale landskap og sosial kapital*. Oslo: Universitetsforlaget

Wollebæk, D., & Seggaard, B.S. (Red.). (2011) *Sosial kapital i Norge*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Wollebæk, D., Selle, P., & Lorentzen, H. (2000) *Frivillig innsats*. Oslo: Fagbokforlaget

Wollebæk, D., & Sivesind, K.H. (2010). *Fra folkebevegelse til filantropi?* Henta frå:
<http://www.sivilsamfunn.no/Publikasjoner/Publikasjoner/Rapporter/2010/2010-003>

Vedlegg

Vedlegg 1 - Spørjeundersøkinga



Undersøking av motivasjon i Røde Kors

Hei. Velkommen til denne spørjeundersøkinga om motivasjon i Røde Kors.

Bakgrunn:

Eg skriv for øyeblikket på mi avsluttande bacheloroppgåve i Økonomi & administrasjon ved Høgskulen på Vestlandet - avd. Haugesund. I lys av den stadig aukande turiststraumen i kommunen vår ynskjer eg å finne ut av kva som motiverer til frivillig innsats i Røde Kors. Temaet eg skriv om er altså; motivasjon for frivillig arbeid i Røde Kors.

Denne undersøkinga vert sendt ut til alle hjelpekorpsa i indre Hardanger.

Praktisk informasjon:

- 24 spørsmål
- Undersøkinga tek om lag 10 minuttar
- Svare dine er heilt anonyme og kan ikkje sporast tilbake til deg.

Eg set stor pris på alle svar.

Takk.

Eirik-Sondre Husby

* Required

Kartlegging av motivasjon

1. Kor mange år har du vært medlem av Røde Kors? *

Your answer

2. Kor mange timar i månaden brukar du på Røde Kors? *

Your answer

3. Kvifor deltek du som frivillig i Røde Kors? Ranger desse påstandane frå -ikkje viktig til -svært viktig. *

Ikkje viktig Lite viktig Verken eller Litt viktig Svært viktig

| | | | | | |
|--|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| Eg ynskjer meg eit større sosialt nettverk | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg oppnår anerkjennelse for min frivillige innsats | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg føler meg meir betydningsfull når eg arbeider som frivillig | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg får nye venner gjennom frivillig arbeid | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Sjølvtilliten min aukar | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg likar spenninga | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg tilegnar meg nye erfaringar og kunnskap | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg ser på frivillig arbeid som ein hobby | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Som frivillig lærer eg ting gjennom praktisk erfaring | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg føler sterke forventningar frå folk rundt meg til å bidra | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg ynskjer at andre skal sjå på meg som god | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Folk som står meg nær har oppfordra meg til å bidra | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg får erfaringar som kan vær til fordel i arbeidslivet | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Det er bra å ha ein attest på at ein har arbeida frivillig | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg ynskjer å gjere noko godt for samfunnet vårt | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg ynskjer å redusere ulikskaper i samfunnet vårt | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg ynskjer å sjå på meg sjølv som eit godt menneske | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |

| | | | | | |
|--|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| Eg får kontakatar som kan være nyttige seinare | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg ynskjer å vise medkjensle med dei som har det verre enn meg | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |

4. Når du tenkjer på deltaking i Røde Kors - korleis passar desse skildringane? Frå -svært dårleg til -svært godt. *

| | Svært dårlig | Dårleg | Verken eller | Godt | Svært godt |
|-------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| Lett | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Tidkrevande | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Viktig | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Deprimerande | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Givande | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Tilfredsstillande | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Morosamt | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Utmattande | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Utfordrande | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Frustrerande | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Spanande | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Skuffande | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |

5. Ynskjer du å delta meir i ditt Røde Kors korps? *

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

6. Viss Ja - Kva hindrar deg i å delta meir?

Your answer

7. Her kjem ein del påstandar. Kryss av der du føler du ligg frå - svært ueinig til -svært einig. *

Svært ueinig Delvis ueinig Verken eller Delvis einig Svært einig

| | | | | | |
|---|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| Dersom det var mogleg, ville eg heller donert pengar enn å delta i frivillig arbeid | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg er stolt av å tilhøyre Røde Kors | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Dersom eg vart tilbuden pengar, ville eg ha jobba endå meir | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg er oppteken av framtida til korpset mitt | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Eg kjem til å nytte erfaringane mine i Røde Kors på ein framtidig CV | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Verdiane til Røde Kors organisasjonen er svært lik mine egne verdiar | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |

Bakgrunnsinformasjon

For å analysere resultatene av denne undersøkningen, så trenger jeg litt informasjon om bakgrunnen din. Husk: Svarene dine er helt anonyme og kan ikke sporast tilbake til deg.

8. Kjønn *

- Mann
- Kvinne

9. Alder *

- Under 20
- 20-25
- 26-40
- 41-60
- 60+

10. Sivil status *

- Einsleg
- Gift, sambuer eller kjærast

11. Utdanning *

- 10-årig grunnskule
- Yrkesfagleg
- 3-årig vidaregåande skule
- Høgare utdanning (bachelor-, master- eller doktorgrad)
- Other: _____

12. Kor mange born har du? *

Your answer

13. Jobbstatus *

- Student
- Student med deltidsjobb
- Fast jobb
- Deltidsjobb
- Utan jobb

14. Kor mange timar lønna arbeid gjer du i veka? *

Your answer

15. Er du oppvaksen i Odda Kommune/indre Hardanger? *

- Ja
- Nei

16. Opplever du ditt sosiale nettverk som tilfredsstillande? *

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

17. Hadde du venner/kjente i korpset før du sjølv starta? *

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

18. Er det andre medlemmer av din familie som er med i Røde Kors? *

- Ja, eit medlem.
- Ja, fleire.
- Nei, ingen.

19. Har du sjølv fått hjelp av Røde Kors? *

- Ja
- Nei

Turisteksplosjonen i Odda Kommune

20. Kor mange aksjonar deltok du på i 2016? *

Your answer

21. Kor mange av desse var til Trolltunga? *

Your answer

22. Har den siste tidas turisteksplosjon til Trolltunga gjort deg meir eller mindre motivert til deltaking i Røde Kors? *

- Meir motivert
- Mindre motivert
- Ingen forskjell

23. Kva synes du om krava som stilles for å være godkjent medlem? *

- For høge krav
- For låge krav
- Akkurat passe

24. Kor meiner du ansvaret for redningstenesta ligg? *

- Dei frivillige organisasjonane
- Kommunen
- Staten
- Delt ansvar
- Other: _____

SUBMIT

Never submit passwords through Google Forms.

This content is neither created nor endorsed by Google. Report Abuse - Terms of Service - Additional Terms

Google Forms



Vedlegg 2 - Motivasjonsmotiva ut i frå alder

| | 0-19 | 20-25 | 26-40 | 41-60 |
|-----------|------|-------|-------|-------|
| Frekvens | 2 | 8 | 10 | 9 |
| I prosent | 6,9% | 27,6% | 34,5% | 31% |
| a. | 5 | 3,625 | 2,7 | 3,56 |
| b. | 3,5 | 2,375 | 2,4 | 2,67 |
| c. | 4 | 3,75 | 3,4 | 3,11 |
| d. | 5 | 4,125 | 3,4 | 4 |
| e. | 4 | 3,5 | 3,3 | 3,11 |
| f. | 5 | 3,75 | 4,3 | 3,78 |
| g. | 5 | 4,375 | 4,5 | 4,33 |
| h. | 4,5 | 4,125 | 4,1 | 4,22 |
| i. | 5 | 4,375 | 4,4 | 4,11 |
| j. | 4 | 2,625 | 2,8 | 2,89 |
| k. | 4,5 | 2,75 | 2,6 | 2,44 |
| l. | 3,5 | 2,5 | 2,2 | 2,44 |
| m. | 5 | 3,625 | 3,6 | 4,11 |
| n. | 4 | 2,5 | 2,8 | 3,67 |
| o. | 4,5 | 3,75 | 4,6 | 4,22 |
| p. | 4 | 3 | 2,9 | 3,22 |
| q. | 4,5 | 3,75 | 3,2 | 3,67 |
| r. | 4 | 3,375 | 3,1 | 3,78 |
| s. | 4,5 | 3,375 | 3 | 4 |

Vedlegg 3 - Motivasjonsmotiva ut i frå kjønn

| | Kvinne | Mann | Differanse |
|-----------|--------|------|------------|
| Frekvens | 11 | 18 | |
| I prosent | 42% | 62% | |
| a. | 2,82 | 3,72 | 0,9 |
| b. | 2,09 | 2,83 | 0,74 |
| c. | 3,36 | 3,5 | 0,14 |
| d. | 3,55 | 4,11 | 0,56 |
| e. | 3,18 | 3,44 | 0,26 |
| f. | 4 | 4,06 | 0,06 |
| g. | 4,55 | 4,39 | 0,16 |
| h. | 4,18 | 4,17 | 0,01 |
| i. | 4,36 | 4,33 | 0,03 |
| j. | 2,63 | 3 | 0,37 |
| k. | 2,09 | 3,11 | 1,02 |
| l. | 2,55 | 2,39 | 0,16 |
| m. | 3,72 | 3,94 | 0,22 |
| n. | 2,45 | 3,44 | 1,01 |
| o. | 4,18 | 4,28 | 0,10 |
| p. | 3,18 | 3,06 | 0,12 |
| q. | 3,18 | 3,83 | 0,65 |
| r. | 2,73 | 3,89 | 1,16 |
| s. | 2,91 | 3,89 | 0,98 |